


# Årsmelding 2022

Sunnfjord kommune



## Innhold

Forord.....	3
1 Økonomisk oversyn.....	4
1.1 Driftsresultat .....	5
1.2 Driftsinntekter .....	5
1.3 Driftsutgifter .....	10
1.4 Budsjettavvik .....	11
1.5 Resultatvurdering .....	26
1.6 Finans og gjeld .....	29
1.7 Investeringar.....	36
1.8 Eigenkapital og likviditet .....	38
1.9 Overordna KOSTRA-analyse .....	41
1.10 Hovudoversikter – Rekneskap .....	43
2 Måloppnåing .....	46
3 Etikk .....	48
4 Likestilling .....	50
4.1 Tilsette.....	50
4.2 Heil- og deltidstilsette .....	50
4.2.1 Heil – og deltidsstillingar innanfor sektorane .....	51
4.2.2 Gjennomsnittleg stillingsprosent i alle sektorar.....	53
4.3 Lønsstatistikk.....	53
4.4 Uttak av permisjon/tapte dagsverk på grunn av permisjon sortert etter kjønn 58	
4.5 Alderssamansetning .....	58
4.6 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling .....	58
5 Kommunedirektøren sin eigenkontroll.....	59

## Forord

[Kommunelova](#) § 48 seier at kommunar for kvart kalenderår skal utarbeide årsrekneskap og årsberetning. Nærmare reglar er gitt i [forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.](#)

Årsmeldinga for Sunnfjord kommune gjer greie for forhold som er viktige for å forstå kommunen si økonomiske stilling og resultat i 2022. Vidare inneheld årsmeldinga omtale av måloppnåing, statusoversikt når det gjeld likestilling, etikk og kommunedirektøren sin eigenkontroll.

Driftsrekneskapen for 2022 viser samla driftsinntekter på 2 336 mill. kroner. Netto driftsresultat er 37 mill. kroner eller 1,6 % av driftsinntektene. Det er 22 mill. kroner lågare enn rekneskap 2021 og 10,4 mill. kroner betre enn revidert budsjett for 2022.

Investeringsrekneskap 2022 viser samla utgifter på 356 mill. kroner. Det er ein auke på 15 mill. kroner frå rekneskap 2021. Det er eit etterslep på gjennomføring av investeringar då samla budsjetterte utgifter er 681 mill. kroner, men etterslepet er redusert gjennom høgare aktivitet i 2022 enn opphavelig budsjett. Alle investeringsutgifter i 2022 er finansiert.

I budsjettrapport pr. september vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjord kommune på 34 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2022 viser meirforbruk i drifta på 28 mill. kroner (utanom Korona-kostnad).

Omsorg har størst meirforbruk med 16 mill. kroner (utanom Korona-kostnad). Alle sektorane utanom skule, helse/ sosial og teknisk/ miljø har eit betre rekneskapsresultat enn rapportert. Det er auka skatteinntekter som finansierer meirforbruket og gir eit positivt netto driftsresultat.

Korona-pandemien har medført kostnader og tap av inntekt i 2022 på til saman 25 mill. kroner for Sunnfjord kommune. Dette er finansiert gjennom ekstra statlege overføringar på til saman 25 mill. kroner.


Sunnfjord kommune har tre handlingsreglar målt i % av driftsinntektene: netto driftsresultat på 1,7 %, netto lånegjeld på 95 % og disposisjonsfond på 5,9 %. Rekneskapen viser nesten måloppnåing på netto driftsresultat med 1,6 %, positiv utvikling og måloppnåing på netto lånegjeld som er redusert frå 100 % til 94 %, men negativ utvikling på disposisjonsfond som er redusert frå 5,9 % til 5,3 %.

Det er lagt ned stor innsats for å etablere og yte gode og likeverdige tenester i Sunnfjord kommune i 2022. Korona-pandemien har gjennom heile 2022 kravd ekstra innsats av mange og arbeidet med å bygge ny kommune har kome ulikt langt. Kommunedirektøren vil nytte høve til å takke alle tilsette og folkevalde for ein formidabel innsats under svært vanskelege forhold dette året.


Sunnfjord, 28. mars 2023



Terje Heggheim  
kommunedirektør



## 1 Økonomisk oversyn



## 1.1 Driftsresultat

Rekneskap 2022	Rekneskap 2022	Budsjett inkl end. 2022	Årsbudsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter	2 336 007 541	2 096 469 314	2 028 581 056	2 212 720 386
Driftsutgifter ekskl. avskrivning	2 177 796 446	1 962 455 976	1 909 926 899	2 070 999 531
Netto finansutgifter	121 341 280	107 564 807	87 179 807	83 331 259
Netto driftsresultat	36 869 816	26 448 531	31 474 350	58 389 597
Netto driftsresultat korrigeret for bruk/avsetjing bundne fond	53 213 416	35 159 088	35 891 000	60 881 392
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk				
Netto driftsresultat	1,58 %	1,26 %	1,55 %	2,64 %
Netto driftsresultat korrigeret for bruk/avsetjing bundne fond	2,28 %	1,68 %	1,77 %	2,75 %
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Tabellen overfor oppsummera driftsresultatet for Sunnfjord kommune i 2022.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som eit mål på kommunen sin økonomiske handlings friheit, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi anbefaler at nivået på driftsresultatet utgjør 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid. Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med etter at driftsutgifter og finanskostnader er trekt frå driftsinntektene.

Sunnfjord kommune har vedteke ein handlingsregel med mål om netto driftsresultat på 1,7 % i 2022 til 2,0 % i 2023. I opphavelag årsbudsjett 2022 er netto driftsresultat 32 mill. kroner eller 1,6 % av driftsinntektene. Det er gjennomført budsjettendringar i 2022 der øyremarka inntekter er budsjettert avsett til bundne fond og kostnader er finansiert med bruk av fond. Dette medfører at budsjett inkl. endringar 2022 har eit netto driftsresultat på 26 mill. kroner eller 1,3 % av driftsinntektene.

Rekneskap 2022 viser eit netto driftsresultat på 37 mill. kroner eller 1,6 % av driftsinntektene. Dette er 21,5 mill. kroner lågare enn i 2021, og 10,4 mill. kroner betre enn budsjett inkl. endringar i 2022. Fleire kommunar rapporterer netto driftsresultat korrigeret for bruk og avsetjing av øyremarka midlar til bundne fond. For Sunnfjord kommune omfattar dette inntekter som er avsett til bundne fond og kostnader som er finansierte med bruk av fond. Korrigeret for bruk og avsetjing av bundne/ øyremarka midlar er netto driftsresultat 53 mill. kroner eller 2,75 % av driftsinntektene. Dette er 18 mill. kroner betre enn budsjett korrigeret for same forhold.

Forklaring til høgare netto driftsresultat enn budsjettert er omtalt i kapittel 1.4 budsjettavvik.

Rekneskapen viste eit mindreforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 18 115 637 kroner. I tråd med § 4-3 skal ein stryke bruk av disposisjonsfond slik at rekneskapen etter årsavslutningsdisposisjonar er i balanse.

## 1.2 Driftsinntekter

Økonomisk oversikt - drift, § 5-6	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Opph.budsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	737 566 483	776 520 321	754 011 000	771 078 157
2 Inntekts- og formuesskatt	851 116 831	749 438 000	734 553 000	725 562 648
3 Eiendomsskatt	83 325 901	82 600 000	81 700 000	81 227 474
4 Andre skatteinntekter	6 422 912	7 500 000	2 500 000	6 275 083
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	82 359 881	59 163 748	43 612 833	71 605 409
6 Overføringer og tilskudd fra andre	326 771 394	183 481 571	175 026 277	319 134 184
7 Brukerbetalinger	83 124 762	74 697 598	74 109 870	81 927 478
8 Salgs- og leieinntekter	165 319 377	163 068 076	163 068 076	155 909 953
9 Sum driftsinntekter	2 336 007 541	2 096 469 314	2 028 581 056	2 212 720 386

Sum driftsinntekter utgjør 2 336 mill. kroner, og dette er 240 mill. kroner meir enn budsjettet. Det er ein auke i driftsinntekter på 123 mill. kroner i forhold til 2021. Auken utgjør 5,6 %. Av driftsinntektene utgjør frie inntekter (rammetilskot og inntekts- og formuesskatt) 68,3 %. Frie inntekter er midlar kommunen kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og forskrifter.

I revidert årsbudsjett for 2022 var frie inntekter for Sunnfjord kommune berekna til 1 526 mill. kroner. Beløpet fordelar seg på 746 mill. kroner i rammetilskot, auka rammetilskot grunna covid-19 på 25 mill. kroner og kompensasjon i tap i inntektsutjamnande tilskot i overgangen frå 4 til 1 kommune på 6,2 mill. kroner. Skatteinntektene er på 749 mill. kroner.

Rekneskapen viser mottatt rammetilskot på 738 mill. kroner, og inntekts- og formuesskatt på 851 mill. kroner. Det er eit avvik mot budsjett på 63 mill. kroner.

Skattevekst utover skatteanslag i nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett har nærmast vore reglane dei siste 10 åra. [Meirskatteveksten har likevel vore særleg høg dei siste to åra.](#) Det spesielle er også at skatteveksten i både 2021 og 2022, kan førast tilbake til same inntektsåret, nærmare bestemt inntektsåret 2021.

Skatteopplegget for 2021 blei utarbeida på eit tidspunkt kor effekten av covid-19 på aktiviteten i økonomien var usikker. Ein tok høgde for at pandemien ville føre til redusert aktivitet og dermed lågare skatteinntekter. Den kommunale skattesatsen på inntekt auka frå 11,1 % i 2020 til 12,15 % i 2021. I ettertid har det vist seg at verknaden av pandemien på den økonomiske aktiviteten blei mindre enn frykta og auken i skattøren «overkompenserte» for aktivitetsnedgangen. Kommunane sine inntekter frå løpande innbetaling av forskotstrekk og forskotsskatt for inntektsåret 2021 blei derfor langt høgare enn det som var lagt til grunn i det opphavelige skatteanslaget.

I skatteopplegget for 2022 blei skattesatsane for skatt på inntekt nedjustert til 10,95 %. Samanlikna med satsane i 2021 ga dette ein nedgang i kommunen sine skatteinntekter.

Ved Stortingets behandling av statsbudsjettet blei det vedtatt ein auke i utbytteskatten frå 2022. Dette gjorde at mange skattytarar tok ut ekstraordinært utbytte i 2021. Det blei i liten grad innbetalt tilleggsforskudd i 2021 for det ekstraordinære utbyttet, med den følge at skatten på dette utbyttet kom som innbetalt restskatt i 2022.

Eiendomsskatt for 2022 vart totalt 83 mill. kroner, mot budsjettet 83 mill. kroner.

Andre skatteinntekter omfattar naturressursskatt og konsesjonsavgift. Naturressursskatten er 4,9 mill. kroner og konsesjonsavgift er 1,5 mill. kroner.

Andre overføringar og tilskot frå staten er tilskot som ein søker om og løyvingar til prosjekt og refusjonar som kommunen har søkt midlar til. Det er mottatt 23 mill. kroner meir enn i budsjettet. Mange av desse tilskota som er mottatt er ikkje budsjettert. Det er mottatt 8,3 mill. kroner meir i statstilskot til busetjing og integrering av flyktningar i 2022. Grunnen til dette avviket er fleire flyktningar og høgare busetjing i kommunen.

Overføringar og tilskot frå andre er refusjonar og overføringar frå staten, fylke, kommunar og andre. Denne posten har eit avvik mot budsjett på 143 mill. kroner. Sjukelønnsrefusjon og refusjon av fødselspengar har eit avvik på 75 mill. kroner. Dette er omtrent same avvik som i 2021 som var på 74 mill. kroner. Overføringar frå fylkeskommunen på 6,1 mill. kroner meir enn budsjettert. Refusjon for breibandutbygging utgjer 5,5 mill. kroner. Overføring frå kommunar er det eit avvik mot budsjettet på 34 mill. kroner. Det er ikkje budsjettert med sal av gjesteelevar til kommunar som utgjer 8,1 mill. kroner fordelt på fleire skular. SYS IKT har eit avvik mot budsjett på 26 mill. kroner. Til sist er det og meirinntekter på 6,7 mill. kroner frå tilskot til ressurskrevjande tenester.

Postane for brukarbetaling og sals- og leigeinntekter er tilnærma lik budsjettet.



### 1.2.1 Kommunereform

Gjennom kommunereforma er 119 kommunar blitt til 47 nye, og 1. januar 2020 er det 356 kommunar i Norge. Kommunane Naustdal, Gaular, Førde og Jølster vart til Sunnfjord kommune 1. januar 2020.

Kommunar som slo seg saman mottok eit inndelingstilskot når den nye kommunen formelt tredde i kraft. Inndelingstilskotet gir full kompensasjon for tap av basistilskot, inntektsgarantiordninga INGAR og netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåinga. Inndelingstilskotet vart rekna ut frå inntektssystemet gjeldande i 2016 og er deflator justert fram til 2020. Den nye kommunen mottar fullt inndelingstilskot i 15 år etter samanslåinga, før det deretter vert trappa ned over 5 år. Sunnfjord kommune har i 2022 motteke ein inndelingstilskot på 66 mill. kroner. Dette omfattar vidareføring av tapte inntekter på endringane i basistilskot på 15 mill. kroner samt småkommunetillegget på 8,6 mill. kroner.

Mellomstore kommunar som slår seg saman mottar regionsentertilskot. Tilskotet har kommunane motteke med halvårseffekt i 2017 og med årseffekt frå og med 2018. Sunnfjord kommune har motteke 4,9 mill. kroner i regionsentertilskot i 2022.

Sunnfjord kommune har påpeika tap av inntektsutjamnande tilskot på 8 mill. kroner som konsekvens av kommunesamanslåinga. Rekneskapen viser at denne effekten vart reell. Statsforvaltaren har gjennom skjønsmidlar delvis kompensert tapet med 4 mill. kroner i 2020 og 2 mill. kroner i 2021. Vi har ikkje motteke kompensasjon i 2022.

I tillegg til rammetilskot og skatteinntekter er Sunnfjord kommune tilført tre eingongstilskot i samband med kommunereforma; eingong tilskot, reformstøtte og infrastrukturtilskot.

Sunnfjord kommune fekk utbetalt eingongstilskot på 46,1 mill. kroner i 2017 til dekking av kostnadar med samanslåinga. Det er sendt rapportering på bruken av eingongstilskotet i 2021.

Sunnfjord kommune har i 2020 fått utbetalt reformstøtte til kommunar som slår seg saman på 22 314 mill. kroner. Midlane er ei eingongsutbetaling og kan nyttast til formål som den nye kommunen sjølv bestemmer. Kommunestyret har i samband med økonomiplan 2021-2024 vedteke disponering av midlane; IKT-skule 9 mill. kroner, opp finansiering hallar 7,5 mill. kroner, breiband 4,3 mill. kroner, hall-leige Dragehallen 2021 0,5 mill. kroner og nærmiljøråd 1 mill. kroner. Det er sendt rapportering på bruken av reformstøtta i 2021.

I tillegg fekk Sunnfjord kommune etter søknad eit infrastrukturtilskot på 5 mill. kroner i 2016. Det er sendt rapportering på bruken av infrastrukturtilskotet i 2021.



## 1.2.2 Rammetilskot og skatteinntekter

Tabellen nedanfor syner utvikling i rammetilskot og skatteinntekter i perioden 2018 til 2022.

	Sunnfjord 2022	Sunnfjord 2021	Sunnfjord 2020
<b>Innbygger tilskot (likt beløp pr innb)</b>	576 924	546 211	552 263
<b>Utgiftsutjevningen</b>	66 482	62 964	59 358
<b>Overgangordning - Ingar</b>	- 1 065	- 833	- 1 186
<b>Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)</b>	8 245	6 037	9 853
<b>Overgangsordning - kommunar som skal slås saman</b>			
<b>Inndelingstilskudd</b>	65 735	64 132	62 446
<b>Småkommunetillegg</b>			
<b>Regionsentertilskudd</b>	4 885	4 886	4 749
<b>Ordinært skjønn</b>	12 100	12 100	13 000
<b>Veksttilskudd</b>			
<b>Endringar i ramme tilskotet</b>	- 34 066	2 874	2 973
<b>Sum rammetilskot utan inntektsutj og ekstra skjønn</b>	<b>699 240</b>	<b>698 371</b>	<b>703 456</b>
<b>Netto inntektsutjevning</b>	13 520	32 527	27 027
<b>Skjønsmidlar kompensasjon tap netto inntektsutjevning</b>		2 000	4 000
<b>Koronapandemi</b>	24 766	31 761	23 561
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	856 056	730 307	635 077
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet) ekskl. ekstra skjønn frå fylkesmannen</b>	<b>1 593 582</b>	<b>1 494 966</b>	<b>1 393 121</b>

Frie inntekter er auka med 99 mill. kroner frå 1 495 mill. kroner i 2021 til 1 594 mill. kroner i 2022. Auken kjem av auke i skatt på formue og inntekt.

### 1.3 Driftsutgifter

Økonomisk oversikt - drift, § 5-6	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Opph.budsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	1 223 238 079	1 119 023 356	1 093 934 277	1 151 532 517
11 Sosiale utgifter	286 120 923	284 339 861	278 442 158	262 689 202
12 Kjøp av varer og tjenester	537 534 282	447 974 269	425 526 103	517 971 361
13 Overføringer og tilskudd til andre	130 903 162	111 118 490	112 024 361	138 806 450
14 Avskrivninger	140 095 458	140 095 458	-	131 968 201
15 Sum driftsutgifter	2 317 891 904	2 102 551 434	1 909 926 899	2 202 967 732

Sum driftsutgifter utgjør 2 318 mill. kroner, og dette er 215 mill. kroner mer enn budsjettet. Av driftsutgiftene utgjør løn og sosiale utgifter 65,1 %, og i 2021 var det 64,2 %. Erfaringsvis ligg kommunane mellom 60 - 70 %.

Lønnsutgiftene er på 1 223 mill. kroner og er 104 mill. kroner mer enn budsjettet. Auken i lønnsutgifter må ein sjå i samanheng med vikarutgifter og overtid som kunn er budsjettet ut frå korttidsfråvær. Samtidig har ein mottatt sjukelønsrefusjon og refusjon av fødselspengar på 77,9 mill. kroner. Lønn til vikarar og ekstrahjelp utgjør 51,0 mill. kroner mer enn budsjettet, og overtid utgjør 31 mill. kroner. Det er ein auke i lønnsutgifter frå 2021 på 72 mill. kroner. Auken i bruk av overtid frå 2021 er på 12 mill. kroner.

Sosiale utgifter er pensjon og arbeidsgjevaravgift og er på 286 mill. kroner i 2022 mot 263 mill. kroner i 2021. Det er eit meirforbruk mot budsjettet på 1,7 mill. kroner. Pensjonsutgiftene utgjør 125 mill. kroner som er ein auke frå 112 mill. kroner i 2021, og er 0,5 mill. kroner lågare enn budsjettet. Arbeidsgjevaravgifta utgjør 161 mill. kroner og er 2,2 mill. kroner lågare enn budsjettet.

Sunnfjord kommune har to arbeidsgjevaravgifts soner. Det medfører at kommunen betalar ulik sats etter kor tilsette har sin faste arbeidsstad. For tilsette som har sin arbeidsstad i gamle Jølster, Naustdal og Gaular skal kommunen betale ein arbeidsgjevaravgift sats på 10,6 % medan kommunen skal betale arbeidsgjevaravgift sats på 14,1 % for tilsette med arbeidsstad Førde. To soner for arbeidsgjevaravgift vil kommunen ha fram til 2027.

Kjøp av varer og tenester er kjøp som inngår i tenesteproduksjonen. Dette er kjøp som omfattar alt frå kontormateriale, lærebøker, telefon, internett, kurs, transport og reiser, straum og forsikringar m.m. Kjøp av varer og tenester er på 538 mill. kroner og dette er 90 mill. kroner mer enn budsjettet. Det er ein auke i kjøp av varer og tenester frå 2021 på 20 mill. kroner. Dei postane som har det største mindreforbruket i forhold til budsjettet er straum med 16 mill. kroner og leige av lokale og grunn som er 1,8 mill. kroner. Postane med størst avvik utover budsjettet er kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar med 2,5 mill. kroner, vedlikehald 8,9 mill. kroner, serviceavtalar, reপরাসjonar og vaktmeistertenester 3,2 mill. kroner, andre tenester 22 mill. kroner, kjøp frå andre (private) med 13 mill. kroner og kjøp frå staten 13 mill. kroner.

Overføringer og tilskot til andre er overføring til staten, kommunar og andre private og til interkommunale selskap der kommunen er deltakar har ein kostnad på 131 mill.

kroner mot eit budsjett på 111 mill. kroner. Dette er 20 mill. kroner høgare enn budsjettet. Overføring til andre er 9,6 mill. kroner meir enn budsjettet.

## 1.4 Budsjettavvik

### 1.4.1 Samla budsjettavvik

	Rekneskap 2022	Budsjett inkl. endringar 2022	Avvik	Årsbudsjett 2022	Rekneskap 2021
Driftsinntekter	2 336 007 541	2 096 469 314	239 538 227	2 028 581 056	2 212 720 386
Driftsutgifter	2 317 891 904	2 102 551 434	215 340 470	1 909 926 899	2 202 967 732
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>18 115 637</b>	<b>- 6 082 120</b>	<b>24 197 757</b>	<b>118 654 157</b>	<b>9 752 655</b>
Korrigert for avskrivningar	140 095 458	140 095 458	-	-	131 968 201
Netto finanskostnad	- 121 341 280	- 107 564 807	- 13 776 473	- 87 179 807	- 83 331 259
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>36 869 816</b>	<b>26 448 531</b>	<b>10 421 285</b>	<b>31 474 350</b>	<b>58 389 597</b>
Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetjing bundne fond	53 213 416	35 159 088	18 054 328	35 891 000	60 881 392
Netto bruk/avsetjing av fondsmidlar	16 343 600	8 710 557		4 416 650	2 491 795
Framført til inndecking i senere år (merforbruk)	-	-		-	

Tabellen ovanfor viser budsjettavvik for driftsrekneskapen i 2022.

Brutto driftsresultat 2022 utgjør eit resultat på 18 mill. kroner. Dette er 24 mill. kroner betre enn budsjett inkl. endringar 2022, og 8,4 mill. kroner betre enn rekneskap 2021. Avvik mellom rekneskap og budsjett 2022 for driftsinntekter og driftsutgifter er omtalt i kap. 1.2 og 1.3.

Netto finanskostnader utgjør 121 mill. kroner, og samanlikna med 2021 er dette 38 mill. kroner høgare kostnadar. Det er 14 mill. kroner høgare enn budsjettet. Det var budsjettet med avkasting på plasserte midlar, men de vart eit tap. Dette utgjør 13 mill. kroner. Lågare utbytte enn budsjettet utgjør 2,9 mill. kroner. Høgare renteinntekter på 3,2 mil. kroner og lågare rentekostnad enn budsjettet på 0,2 mill. kroner. Avdrag på lån er 1,7 mill. kroner høgare enn budsjettet. Nettoeffekten av desse postane forklarar høgare netto finanskostnadar enn budsjettet.


Netto driftsresultat i 2022 utgjør eit positivt resultat på 37 mill. kroner. Dette er 10,4 mill. kroner betre enn budsjett inkl. endringar 2022. Korrigert for bruk og avsetjing av øyremarka midlar til bundne fond viser tabellen ovanfor eit korrigert netto driftsresultat på 53 mill. kroner. Avviket mellom rekneskap og budsjett utgjør då 18 mill. kroner.

I budsjett rapport pr. september 2022 vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjord kommune på 34 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2022 viser eit meirforbruk i drifta på totalt 54 mill. kroner. Dette inkluderer Korona-kostnad på totalt 25 mill. kroner. Netto meirforbruk utgjør derfor 28 mill. kroner. Meirforbruket er finansiert av høgare inntekter på skatt og formue.

Forklaring til lågare meirforbruk enn rapportert:

- Alle sektorane med unntak av skule, helse/ sosial og teknisk/ miljø kjem ut med lågare mindreforbruk enn rapportert. Samla utgjør meirforbruket 54 mill. kroner. Det er 6,2 mill. kroner lågare enn rapportert.

- Auka skatt og rammeinntekter utgjør 63 mill. kroner mot rapportert 50 mill. kroner (inkl. korona)
- Auka rentekostnad utgjør 2,1 mill. kroner mot rapportert 10,0 mill. kroner
- Auka flyktningtilskot utgjør 8,3 mill. kroner mot rapportert 5,3 mill. kroner
- Auka tilskot til ressurskrevjande tenester utgjør 6,7 mil. kroner.



Figuren til venstre viser rekneskap per sektor, i prosent av totalrekneskapet, og gir eit bilde av den relative størrelsen til kvar sektor. Figuren til høgre viser avviket per sektor, som prosent av totalavviket i drifta.

#### 1.4.2 Budsjettavvik per sektor og enkelte einingar

I årsrapport 2022 for Sunnfjord kommune er økonomiske avvik pr. eining og sektor omtalt. Årsmeldinga omtalar samla avvik pr. sektor og større avvik på enkelte einingar.

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Avvik
100	Kommunedirektør	151 000 467	154 398 756	3 398 289
100	Kommunedirektøren - barnehage	-86 163 063	-79 917 546	6 245 517
100	Kommunedirektøren - skule	-14 393 145	-12 879 293	1 513 852
100	Kommunedirektøren - omsorg	-2 287 948	3 088 520	5 376 468
100	Kommunedirektøren - pensjon	19 388 980	17 832 375	-1 556 605
100	Kommunedirektøren - lønsvekst, prisvekst, arbeidsgjevaravgift	-1 848 952	-15 857 155	-14 008 203
100	<b>Kommunedirektør</b>	<b>65 696 339</b>	<b>66 665 657</b>	<b>969 318</b>

Det er i oppsett ovanfor flytta tal frå kommunedirektøren til sektor for skule, barnehage og omsorg. Tabellen syner kor beløpa er flytta og størrelsen på beløpet.

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022 inkl end.	Avvik	Forventa meirforbruk (-) eller mindreforbruk (+)	Forventa meirforbruk (-) eller mindreforbruk (+) korona	Sum rapportert meir (-)/mindre(+) forbruk	Differanse mellom rekneskap 2022 og rapportert avvik
Kommunedirektør	65 696 339	66 665 657	969 318	-	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 969 318
Stab og støtte	77 340 089	79 416 116	2 076 028	-	- 400 000	- 400 000	- 2 476 028
Skule inkl. PPT og vakseopplæring og integ.	374 619 689	361 269 567	- 13 350 123	- 5 900 000	- 3 574 000	- 9 474 000	- 3 876 123
Barnehage	232 974 201	222 342 668	- 10 631 536	- 17 000 000	- 1 895 000	- 18 895 000	- 8 263 464
Helse og sosial	237 219 317	233 984 716	- 3 234 601	1 650 000	- 2 373 000	- 723 000	- 2 511 601
Omsorg	425 507 266	396 789 573	- 28 717 695	- 17 080 000	- 12 926 000	- 30 006 000	- 1 288 305
Kultur og idrett	32 063 680	31 505 006	- 558 674	- 402 000	- 763 000	- 1 165 000	- 606 326
Teknisk og miljø	127 636 813	127 355 343	- 281 465	2 869 000	- 172 000	2 697 000	2 978 465
<b>Sum drift</b>	<b>1 573 057 394</b>	<b>1 519 328 646</b>	<b>- 53 728 748</b>	<b>- 35 863 000</b>	<b>- 24 103 000</b>	<b>- 59 966 000</b>	<b>- 6 237 252</b>
Kommunedirektør (pensjon, løns- og prisvekst)	- 17 540 028	- 1 975 220	15 564 808	-	-	-	- 15 564 808
Finansielle føremål	- 1 555 517 366	- 1 517 353 426	38 163 940	4 250 000	22 103 000	26 353 000	- 11 810 940
<b>Sum totalt</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 31 613 000</b>	<b>- 2 000 000</b>	<b>- 33 613 000</b>	<b>- 33 613 000</b>

Tabellen over syner oversikt over sektorane i kommunen, avvik i forhold til budsjettet, forventa meir/mindreforbruk, forventa meir/mindreforbruk korona, sum forventa meir/mindreforbruk og differansen mellom rekneskap 2022 og rapportert avvik for budsjett rapporten per. september månad.

Tabellen syner at sektorane har rapportert eit forventa meirforbruk på 31,6 mill. kroner og eit meirforbruk knytt til korona på 2,0 mill. kroner per september månad. Samla sett for sektorane er det ein differanse mellom rekneskap og rapportert avvik på 4,6 mill. kroner. Det kjem nærmare omtale under fordelt på einingane.

### Kommunedirektør

Kommunedirektøren inneheld fleire tenester som politikk, leiargruppa til kommunedirektøren, skuleskyss, private barnehagar, revisjon og kontroll, IKT, overføring til kyrkja og føring av korona kostnader for å nemne dei største. Det vart eit mindreforbruk på 16,5 mill. kroner. Av dette mindreforbruket er 14 mill. kroner lågare lønsvekst/ utsett verknad, ikkje fordelt kompensasjon for prisvekst og lågare arbeidsgjevaravgift enn budsjettet. I tillegg er pensjonskostnaden 1,6 mill. kroner lågare enn budsjettet. Korona-utgifter til vaksiner, testing og smittevern utstyr på totalt 2,0 mill. kroner er ført på kommunedirektøren.

Tilskot til private barnehagar og midlar til barn med spesielle behov blir kommentert under barnehage. Grunnskule og skyss blir kommentert under skule inkl. PPT.

### Stab og støtte

Stab og støtte utfører oppgåver som er retta mot alle einingane i kommunen. Innhaldet i stab og støtte er personal, service, SYS-IKT, rekneskap og lønn, fagutvikling, næring og samfunnsutvikling og kommuneadvokaten. Det vart eit mindreforbruk på 2,1 mill. kroner. Mindreforbruket er 2,5 mill. kroner meir enn rapportert. Mindreforbruket er knytt til lågare deltaking og bruk av kurs, opplæring, reiser og stillingar som er sett som vakante. Innsparingskravet i stab og støtte i 2022 var på 3,0 mill. kroner. Innsparinga er gjennomført ved å redusere bemanning i administrasjonen og stillingar som er vore vakante gjennom året.

### Barnehage

Barnehage har eit samla meirforbruk på 10,6 mill. kroner. Vevring barnehage vart flytta til Vevring skule våren 2022.

Innsparingskravet på driftsmidlar på 0,5 mill. kroner er med i budsjettet for 2022. Det er ikkje lykkast med å gjere innsparing på struktur med 2,0 mill. kroner. Meirforbruket fordelar seg med lønnskostnadar inkludert refusjonar på 4,3 mill. kroner, sparte driftsmidlar på 0,2 mill. kroner og tap i foreldrebetaling på 0,5 mill. kroner. Dette er grunna færre barn enn innlagt i grunnlaget for budsjettet og redusert foreldrebetaling. Korona har vore ei utfordring i 2022 og sjukefråværet har vore høgt. Det har til tider vore svært vanskeleg å få tak i vikarar i barnehagane.

Behovet til barn med spesielle behov aukar, men ein var i 2022, 1,2 mill. kroner under budsjettet for dei kommunale barnehagane.

Tilskotet til dei private barnehagane er eit komplekst reknestykke, og tilskotet for 2022 utgjer 80,4 mill. kroner. Dette er 8,6 mill. kroner meir enn budsjettet for 2022. Tilskotet for 2022 er rekna ut frå utgiftene som var i dei kommunale barnehagane i 2020. Det er i utrekninga for tilskotet i 2022 nytta KS/PBL sin modell for å rekne ut tilskotet. Dei private barnehagane har også rett til kompensasjon til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Behovet til barn med spesielle behov aukar også i private barnehagane. Det kjem til nye behov, og behov endrar seg undervegs. Det vart i 2022 gjeve tilskot til barn med spesielle behov i dei private barnehagane på 5,6 mill. kroner. Dette er 2,2 mill. kroner høgare enn budsjettet.

### **Skule inkl. PPT og Vaksenopplæring og integrering**

Skulane har tilbod til SFO, og to av skulane har barnehagetilbod. Frøysland skule vart flytta til Holsen skule og barnehage hausten 2022. Det er rektor som er leiar for skule og barnehage.

Skule, PPT og vaksenopplæring og integrering har eit meirforbruk på 13,3 mill. kroner.

Grunnskule har eit meirforbruk på 11,3 mill. kroner. Meirforbruket skuldast høgare lønnskostnadar på 35 mill. kroner. 21 mill. kroner er dekkja av ikkje budsjettert refusjon sjukeløn. Det er mottatt ulike refusjon med 12,5 mill. kroner. Og frå staten på 4,5 mill. kroner. Driftskostnadar utgjer eit meirforbruk på 14 mill. kroner. Det er ført bruk av bundne fond på 4,6 mill. kroner.

SFO har eit mindreforbruk på 1,2 mill. kroner. Brukarbetaling utgjer 1,3 mill. kroner meir enn budsjettet.

Skuleskyss har eit meirforbruk på 3,4 mill. kroner. Det låg inne ei innsparing på 2,3 mill. kroner. Denne vart redusert med 1,0 mill. kroner frå skulane.

PPT har eit mindreforbruk på 2,8 mill. kroner. Dette kjem av vakante stillingar. 1,8 mill. kroner gjeld grunnskule og 1 mill. kroner gjeld styrka tilbod til førskulebarn. Styrka tilbod til førskulebarn vert omtalt under barnehage.

Vaksenopplæring og integrering har eit meirforbruk på 1,4 mill. kroner. Dette meirforbruket gjeld introduksjonsordninga.

## Helse og sosial

Sektoren helse og sosial, er fysio- og ergoterapitenesta, NAV, legetenesta, helsestasjonen, barneverntenesta, aktivitetseininga og psykisk helse og rus. Det er eit meirforbruk på 3,2 mill. kroner.

NAV har eit mindreforbruk på 4,5 mill. kroner. Dette er yting til livsopphald og kvalifiseringsordninga som har ein kostnad som er 2,2 mill. kroner lågare enn budsjettet. Sosialkontortenesta har eit mindre forbruk på 0,75 mill. kroner som er mindreforbruk på lønn.

Legetenesta har eit meirforbruk på 3,2 mill. kroner. Dette meirforbruket skuldast lågare inntekter og høgare utgifter til vikarar og legevikarar.

Barneverntenesta har eit meirforbruk på 6,3 mill. kroner, som skuldast i hovudsak dyre tiltak til enkelt barn.

Dei andre tenestene i sektoren har små meirforbruk eller mindreforbruk.



## Omsorg

Omsorgssektoren består av alle omsorgssentera, bu- og miljø tenestene, heimetenestene, bu- og avlasting, butiltak psykisk helse, tildelingseininga, bemanningseininga og kjøkkentenesta. Det er eit meirforbruk på 28,72 mill. kroner i sektoren. Av dette er 13,24 mill. kroner koronakostnadar.

Sektoren hadde eit innsparingskrav på 11,95 kroner (4,25 mill. kroner i innsparingstiltak + 7,7 mill. kroner i salderingstiltak). Innsparinga er fordelt på ulike tiltak som auka bruk av velferdsteknologi, etablering av bemanningseining, elektronisk medisineringsstøtte og organisering av arbeidstidsordningar og redusert sjukefråvær. I året som gjekk har vi fått på plass bemanningseininga – vårt eige vikarbyrå. Effektane av dette er vanskeleg å sjå så tidleg, då dette krev eit meir langsiktig perspektiv. Det same gjeld for andre tiltak som bruk av velferdsteknologi.

Einingane har i 2022 hatt eit høgt sjukefråvær. 12 einingar hadde sjukefråvær over 10%. Sjukefråværet har likevel hatt ei positiv utvikling gjennom året. Tidleg i året var det fleire einingar som hadde sjukefråvær over 10%. Det høge fråværet fører til høgt forbruk av vikarar og meirarbeid/overtid for tilsette. Det har vore utfordrande å erstatte og rekruttere i fagstillingar. Det har og ført til meirarbeid/overtid, og det har vore nødvendig å nytte vikarbyrå i nokre einingar.

Omsorgssentera har eit meirforbruk på 9,9 mill. kroner, som er 3,7 mill. kroner høgare enn i 2021. Meirforbruket er knytt til høgare lønnsutgifter og bruk av vikarbyrå. I samband med tilsynssak der det var fokus m.a. på tilgjengelege ressursar for å løyse tenestebehovet hos pasientane, vart det sett inn ekstra ressursar i aktuell eining. Det er og andre einingar som brukar meir stillingsressursar enn det som ligg i bemanningsplanen, for å løyse eit aukande tenestebehov.



Heimetenestene har eit meirforbruk på 4,4 mill. kroner, som er 2,9 mill. kroner lågare enn i 2021. Meirforbruket er knytt til høgare lønnsutgifter og bruk av vikar. Årsak er fleire brukarar og større behov for teneste. I desse einingane er det fleire brukarar med eit stort tenestebehov. Fleire kjem direkte heim etter sjukehusopphald og behandling vert vidareført i heimen av heimetenestene. Det er eit meir komplekst sjukdomsbilete enn før. Dette krev god og rett kompetanse tilgjengeleg, som igjen kan føre til overtid, meirarbeid og ekstra innleige for å løyse oppgåvene.

Bu- og miljøtenestene og bu- og avlastingstenesta har eit meirforbruk på 6,6 mill. kroner, som er 6,6 mill. kroner lågare enn i 2021. Meirforbruket er knytt til høgare lønnsutgifter og kjøp av tenester. Årsak er fleire brukarar, ressurskrevjande tenester og brukarar med større behov for teneste.

Butiltak psykisk helse har eit mindreforbruk på 1,5 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak lågare lønnskostnadar og mindre tenestebehov i periodar.

Tildelingseininga, bemanningseininga og kjøkkentenesta har eit samla meirforbruk på 3,9 mill. kroner, som i hovudsak er knytt til etablering av ei ny eining og lågare brukarbetalingar i kjøkkentenesta enn budsjettert. Tildelingseininga har mindreforbruk som skuldast vakante stillingar.

### **Kultur og idrett**

Sektoren kultur og idrett har einingane kultur og ungdom, idrett og friluftsliv, kulturskule og bibliotek. Det er eit meirforbruk på 0,5 mill. kroner. Dette beløpet kjem i hovudsak av lågare salsinntekter. Kultur- og idrettslivet har ikkje tatt seg heilt opp igjen etter korona, og dette har ført til tap av billett- og leigeinntekter. Bibliotek har innsparingskrav på 0,44 mill. kroner. Dette er berre delvis nådd, då innsparinga krev ombygging og investering i meirope løysingar ved fleire bibliotekavdelingar. Ombyggingane er noko forsinka m.a. grunna leveranseutfordringar.

### **Teknisk og miljø**

Sektoren teknisk og miljø er bygg- og eigedomsforvaltning, reinhald og vaskeri, teknisk drift, brann og redning, landbruk og miljø, areal og byggesak og VAR. Det er eit meirforbruk på 0,3 mill. kroner.

Bygg- og eigedomsforvaltning har eit mindre forbruk på 8,7 mill. kroner. Dette skuldast sparte straumkostnadar på 11,1 mill. kroner.

Reinhald vaskeri har eit meirforbruk på 0,9 mill. kroner.

Teknisk drift har eit meirforbruk på 5,0 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem av høge kostnadar til lønn med 2,6 mill. kroner. Meirforbruk i driftskostnadar er 2,6 mill. kroner og høgare inntekter på 0,2 mill. kroner. Auken i kostnadar gjeld vintervedlikehald og drift og vedlikehald av vegar.

Brann og redning har eit meirforbruk på 5,0 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem av høgare lønnskostnadar og driftskostnadar enn budsjettert.

Areal og byggesak har eit meirforbruk på 0,5 mill. kroner.

Landbruk og miljø har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner.

### 1.4.3 Korona (Covid-19)

Sunnfjord kommune har følgd opp nasjonale råd og gjennomført tiltak for å førebygge og avgrense smitte. Kommunen støtta seg til avtalen til KS. KS avtalen gjeld kompensasjon for meirarbeid knytt til fråvær som var relatert til korona. Dei fleste einingane har hatt ekstra kostnader knytt til pandemien i 2022. Dei einingane som var bundne av KS avtalen har hatt høge kostnader til vikarar og overtid. Korona er omtalt og rapportert samla for heile kommunen.

Sunnfjord kommune har fått auke rammeoverføringar på totalt 24,8 mill. kroner frå staten til å finansierer auka kostnader i kommunen grunna korona, av desse var 2,9 mill. kroner til vaksinerings.

Korona kostnadane i kommune er delvis ført med prosjekt nummer. Det har vore utfordrande å få alt registrert på prosjekt.

Vaksinerings har vore eit eige prosjekt i kommunen. Arbeidet med vaksinerings i 2022 har kosta kommunen 2,5 mill. kroner. Kommunen har løyst arbeidet med eigne tilsette. Desse tilsette har vore flytta frå andre einingar for å ha nok kapasitet til å kunne utføre vaksinasjonsarbeidet.

Det er lagt ned stor innsats av mange tilsette for å handtere korona-pandemien og vaksinerings i 2022.

Korona kostnadane i kommunen fordelar seg slik:

Fordeling sektor	Rapportert pr september	Sum hittil i år	Lønn	Driftskostnad	Tapte inntekter
Kommunedirektør	2 000 000	2 000 000	411 000	1 589 000	
Stab og støtte	403 000	403 000	400 000	3 000	
Skule inkl. PPT og vaksenopplæring og integ.	3 574 000	3 624 000	3 621 000	3 000	
Barnehage	1 895 000	1 895 000	1 895 000	-	
Helse og sosial	2 373 000	3 185 000	2 633 000	192 000	360 000
Omsorg	12 926 000	13 242 000	13 192 000	50 000	
Kultur og idrett	763 000	763 000		63 000	700 000
Teknisk og miljø	172 000	172 000	142 000	30 000	
<b>Sum kostnad</b>	<b>24 106 000</b>	<b>25 284 000</b>	<b>22 294 000</b>	<b>1 930 000</b>	<b>1 060 000</b>

#### 1.4.4 Avvik frå kommunestyret sine premisser

I tillegg til omtale av beløpsmessige avvik skal det i årsmeldinga og omtalast avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

#### Elevtalsutvikling i skulen

Skuleår/steg	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8.kl	9.kl	10.kl	Samla elevtal
20/21	291	268	278	330	313	315	295	317	306	314	3 027
21/22	273	289	268	275	325	315	312	295	318	305	2 975
22/23	261	265	291	267	272	332	313	308	290	316	2 915

Elevtalet frå skuleåret 21/22 til skuleåret 22/23 har ein nedgang på 60 elevar.

Elevtalet utgjer grunnlaget for ressursbruken i budsjettåret 2022. Skulane får tildelt ressursar etter tal klassar, med eit delingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet.

#### Elevar med spesialundervisning, lærartimar

Tímetal	1.-4.	5.-7	8.-10	Gutar	Jenter	Sum
1-75			2	2		2
76-190	15	23	21	41	18	59
191-270	13	19	6	26	12	38
271-	15	30	27	47	25	72
Sum	43	72	56	116	55	171

I Sunnfjord kommune får 5,9 % av elevane spesialundervisning. Dette er ein nedgang frå 21/22 på 2,1 %. Det blir arbeidd med tiltak for å redusere spesialundervisning, og auke tilpassa opplæring.

Det er eit fleirtal med gutar som får spesialundervisning.

#### Elevar med spesialundervisning som har assistent

Tímetal	Gutar	Jenter	Sum
1-75	1		1
76-190	4	2	6
191-270	4	3	7
271-	65	21	86
Sum	74	26	100

Dei fleste av elevane som får assistentressurs, har i tillegg spesialundervisning. Tildelinga av assistentressurs er på 131 elevar i 22/23. Dette talet var 131 for skuleåret 21/22.

## SFO

	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.-7. årstrinn	Sum
Tal born	246	194	190	128	7	765
100% plass	84	35	30	9	4	162

	Tal barn
22/23	765
21/22	749
20/21	773

Tal barn i SFO har auke frå 749 til 765 frå skuleåret 21/22 til 22/23. Dette er ein auke på 16 barn. Det er 19 fleire barn som har 100 % plass frå 21/22 til 22/23.

SFO har i 2022 eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Det er høgare brukarbetaling enn budsjettet på 1,3 mill. kroner. Det er mottatt høgare kompensasjon på 0,75 mill. kroner til dekking av foreldrebetaling. Ein har klart målet om å drive SFO etter sjølvkostprinsippet i 2022.

Det er tre moderasjonsordningar i SFO.

Det er innført eit tak på foreldrebetaling på 6 prosent av inntekta. Denne ordninga gjeld for foreldre med barn på 1. – 4. trinn. Kommunane fekk kompensasjon for ordninga over statsbudsjettet.

Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. – 7. trinn.

Det er innført gratis SFO for elevar på 1. trinn. Kommunane fekk kompensasjon for ordninga over statsbudsjettet. Dette gjeld frå august 2022.ar

### Premissar barnehage

Sunnfjordbarnehagen tel 18 kommunale og 8 private barnehagar. Totalt 26 barnehagar med svært ulik storleik, frå den største kommunale barnehagen med 81 barn til den minste barnehagen som tel 3 barn. Kvar barnehage har tilsett einingsleiar i 100 % stilling, unnateke Holsen og Vevring. I desse einingane er det rektor på skulen som er einingsleiar for barnehagen. Karstad barnehage har felles einingsleiar med Slåttebakkane barnehage. I tillegg har barnehagar med 4 avdelingar eller meir tilsett assisterande einingsleiar i 50 % stilling eller meir, alt etter tal avdelingar/årsverk.

Barnehagane føl norm for bemanning. Det vil sei minimum 1 vaksen pr. 3 barn under 3 år, og minimum 1 vaksen pr. 6 barn over 3 år.

I tillegg til ordinær barnehagedrift skal barnehagane gje spesialpedagogisk hjelp og støtte til barn som har krav på dette. Barnehagane prioriterer tidleg innsats som eit førebyggjande tiltak knytt til barn som treng hjelp og støtte i utvikling og læring. Spesialpedagogisk hjelp vert gitt individuelt eller i gruppe, i tillegg til at den inkluderer foreldreretteiing.

Det er to moderasjonsordningar for familiar eller hushaldning med låg inntekt. Dersom maksprisen for barnehageplass er høgare enn 6 % av den samla inntekta til familien/hushaldninga har ein rett på redusert pris. I tillegg er det gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5 - åringar der familien/hushaldninga har ei samla inntekt som er lågare enn 598 825 kroner per år. Moderasjonsordningane for barnehage utgjer i 2022, 2,3 mill. kroner i redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid 0,7 mill. kroner og søskenmoderasjonen er på 2,6 mill. kroner. Vi ser det er ein auke i moderasjonsordningane.

Det er moderasjonsordningar for søsken i barnehagen. For barn nummer 2 er det 30 % moderasjon og for barn 3, 4 også vidare er det 50 % moderasjon. Desse ordningane gir monaleg reduserte inntekter til den einskilde barnehage.

Alder til barna	Kommunale 31.12.2022	Kommunale 31.12.2021	Kommunale 31.12.2020	Private 31.12.2022	Private 31.12.2021	Private 31.12.2020
0 år	2	7	5	14	9	11
1 år	137	123	154	75	72	92
2 år	150	169	152	77	97	74
3 år	168	176	183	96	77	76
4 år	186	188	171	73	77	78
5 år	187	173	187	74	77	74
6 år	2	6	8	1	0	0
<b>Samla</b>	<b>832</b>	<b>842</b>	<b>860</b>	<b>410</b>	<b>409</b>	<b>405</b>

Det er 832 barn i kommunale barnehagar i 2022 mot 842 i 2021. Dette er ein nedgang i barn i kommunale barnehagar på 10 barn. I dei private barnehagane er det eitt fleire barn i 2022 enn det var i 2021.

### Premissar omsorg

Pleiefaktor er tal stillingar i pleie pr. institusjonsplass. Det er eit mål at minimum pleiefaktor i omsorgseiningane skal vere 0,8. Spesialavdelingar som korttidseininga, rehabiliterings- og skjerma einingar treng ein høgare pleiefaktor, gjerne opp mot 1,0. Vi nådde ikkje målet i 2022. Det ligg inne ei styrking av omsorgstenestene i økonomiplanperioden i 2026.

Pleiefaktor 2022

	2022			
Omsorgssenter	Tal plassar	Nye årsverk	Årsverk	Pleiefaktor
Førde omsorgssenter, korttid	15	0,88	18,14	1,11
Førde omsorgssenter, langtid	28	3	27,28	0,92
Førde omsorgssenter, skejrma	28	1	28,05	0,95
Sande omsorgssenter	40		35	0,74
Naustdal omsorgssenter	20	0,52	20	0,93
Skei omsorgssenter	33		26,37	0,74

#### Ressurskrevjande tenester

Kommunen får toppfinansieringstilskot for tenester til brukarar med eit omfattande tenestebehov. Kommunen dekker alle kostnader opp til eit innslagspunkt, men får refundert 80 % av utgiftene over innslagspunktet. I 2022 var innslagspunktet på 1 526 000 kroner. Fråtrekket for rammetilskotets sin andel for kriteriet «psykisk utviklingshemma 16 år og over» er berekna til 789 000 kroner. Det gir eit innslagspunkt på 2 315 000 kroner for brukarar med psykisk utviklingshemming.

Ressurskrevjande tenester	2022	2021	2020
Tal brukarar	37	39	38
Bruttokostnad av tiltak (kr)	163 323 000	166 265 000	143 443 000
Tilskot (kr)	- 72 375 000	- 73 410 000	- 59 248 000
<b>Nettokostnad av tiltak (kr)</b>	<b>90 948 000</b>	<b>92 855 000</b>	<b>84 195 000</b>



### 1.4.5 Sjølvkost

Formålet med sjølvkost er at brukarane av tenestene skal betale kostnaden kommunen har med å levere desse tenestene. Kommunen kan med unntak av hushaldningsrenovasjon og slamtømming likevel velje å dekke delar av kostnadane.

Følgjande tenester er underlagt sjølvkostprinsipp:

Vatn og avløp, feiing, hushaldningsrenovasjon, slamtømming, plan- og byggesaksbehandling, oppmåling, eigarseksjonering, ureiningsmynde, SFO (sjå omtale kapittel 1.4.4) og hamnetenester.

For Sunnfjord kommune blir tenestene hushaldningsrenovasjon og slamtømming utført av Sunnfjord Miljøverk AS. Sjølvkost for desse tenestene vert lagt ved årsmeldinga når dei føreligg. Tilsvarende er det Alden hamneområde som utfører havnetenester på vegne av Sunnfjord kommune. Desse blir og lagt ved årsmeldinga når dei føreligg. Dei resterande sjølvkostområda er omtalt nedanfor.

Sunnfjord kommune har vedteke 100 % sjølvkostdekning på tenestene for vatn, avløp og feiing. Tabellen under syner at det i 2022 var meirutgifter på områda for vatn og feiing.

Avgiftsområdet vatn har eit negativt resultat på 2,0 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde ikkje fondsmidlar per 01.01.2022 til å dekke inn eit negativt resultat. Heile resultat må dekkast inn av framtidig overskot.

Avgiftsområdet avløp har eit negativt resultat på 4,7 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde fondsmidlar per 01.01.2022, slik at heile resultatet er inndecka ved bruk av fond i 2022.

Avgiftsområdet feiing har eit negativt resultat på 1,3 mill. kroner. Sjølvkostområdet hadde fondsmidlar per 01.01.2022 på 0,9 mill. kroner. Resterande negativt resultat på 0,4 mill. kroner må dekkast inn av framtidig overskot.

2022	Vatn	Avløp	Feiing
<b>Etterkalkyle sjølvkost</b>			
Gebyrinntekter	29 751 734	40 069 841	5 249 288
Øvrige driftsinntekter	431 364	156 472	185 123
<b>Driftsinntekter</b>	<b>30 183 098</b>	<b>40 226 313</b>	<b>5 434 411</b>
Direkte driftsutgifter	18 203 741	28 527 366	6 411 300
Avskrivningskostnad	9 939 586	10 594 740	90 650
Kalkulatorisk rente (3,536 %)	3 671 831	5 317 250	35 842
Indirekte netto driftsutgifter	417 649	498 423	193 695
<b>Driftskostnader</b>	<b>32 232 808</b>	<b>44 937 779</b>	<b>6 731 487</b>
Gevinst/tap ved sal/utrantering av anleggsmiddel	-55 350		
<b>Resultat</b>	<b>-1 994 360</b>	<b>-4 711 466</b>	<b>-1 297 076</b>
Kostnadsdekning i %	93,64 %	89,52 %	80,73 %
<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>0</b>	<b>4 695 370</b>	<b>896 572</b>
+ Avsetning til sjølvkostfond	0		
- Bruk av sjølvkostfond	0	-4 711 466	-905 342
Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (3,536 %)		82 730	8 770
<b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>0</b>	<b>66 635</b>	<b>0</b>
<b>Framførbart underskot 01.01</b>	<b>-9 269</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
- Underskot til framføring	-1 994 360		-391 733
- kalkulert rentekostnad framførbart underskot	-35 588	0	0
<b>Framførbart underskot 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>-2 039 216</b>	<b>0</b>	<b>-391 733</b>

Tabellen nedanfor viser Sunnfjord kommune sitt sjølvkostresultat innanfor private planar, byggesak, oppmåling, eigarseksjonering og ureiningsmynde.

Private planar har ikkje 100 % sjølvkostdekning og sidan området ikkje har sjølvkostfond må kommunen subsidiere underskotet. Subsidiinga utgjer 1,3 mill. kroner.

Tenestene byggesak og eigarseksjonering har kommunen 100 % sjølvkostdekning og meirinntekter er avsett til fond.

Tenesta oppmåling har ikkje kommunen 100 % sjølvkostdekning og sidan området ikkje har sjølvkostfond må kommunen subsidiere underskotet. Subsidiinga utgjer 0,2 mill. kroner.

Området for ureiningsmynde har 100 % sjølvkostdekning, og har eit negativt resultat på 0,1 mill. kroner. Det negative resultatet må dekkast inn med framtidige inntekter.

2022	Private planar	Byggesak	Oppmåling	Eigar - seksjonering	Ureinings - mynde
Etterkalkyle sjølvkost					
Gebyrinntekter	713 928	4 723 380	1 199 410	115 540	1 466 716
Øvrige driftsinntekter	138 812	90 276	61 510	0	125 475
<b>Driftsinntekter</b>	<b>852 740</b>	<b>4 813 656</b>	<b>1 260 920</b>	<b>115 540</b>	<b>1 592 191</b>
Direkte driftsutgifter	2 026 403	4 388 845	1 754 451	56 902	1 581 481
Indirekte netto driftsutgifter	102 578	255 800	70 341	2 925	95 624
<b>Driftskostnader</b>	<b>2 128 980</b>	<b>4 644 646</b>	<b>1 824 792</b>	<b>59 827</b>	<b>1 677 105</b>
<b>Resultat</b>	<b>-1 276 240</b>	<b>169 010</b>	<b>-563 872</b>	<b>55 713</b>	<b>-84 914</b>
Kostnadsdekning i %	40,1 %	103,6 %	69,1 %	193,1 %	94,9 %
<b>Subsidiering</b>	<b>1 276 240</b>		<b>200 228</b>		
<b>Sjølvkostfond 01.01</b>	<b>0</b>	<b>3 192 012</b>	<b>363 644</b>	<b>197 901</b>	<b>0</b>
+ Avsetning til sjølvkostfond	0	169 010		55 713	0
- Bruk av sjølvkostfond	0	0	-370 073	0	0
Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (3,536 %)		115 858	6 429	7983	0
<b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>0</b>	<b>3 476 880</b>	<b>0</b>	<b>261 597</b>	<b>0</b>
<b>Framførbart underskot 01.01</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-733 884</b>
Inndekking framførbart underskot	0	0	0	0	
- Underskot til framføring	0		0	0	-84 914
- kalkulert rentekostnad framførbart underskot	0	0	0	0	-27 451
<b>Framførbart underskot 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-846 249</b>

For ytterlegare detaljar sjå note nr. 14 Sjølvkost.

## 1.5 Resultatvurdering

### 1.5.1 Driftsresultat og nivå

For å kunne nå kommunen sine overordna mål er det viktig med økonomisk kontroll og handlefriheit, både i dag og i framtida. Hovudinndelinga er gjort i forhold til kva nøkkeltal som seier noko om økonomisk handlefriheit og kva som seier noko om økonomisk kontroll.

#### Handlingsreglar

I [økonomi- og handlingsplan 2022 – 2025](#) har Sunnfjord kommune vedteke følgjande handlingsreglar for Sunnfjord kommune:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter på 1,66 % i 2022. Langsiktig mål 2 %.
- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter på 95 % i 2022. Langsiktig mål 50 %.
- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter på 5,9 % i 2022. Langsiktig mål 10 %.

I [årsbudsjett 2022](#) er handlingsreglane konkretisert til:

- Netto driftsresultat på 31,5 mill. kroner dvs. 1,6 % av driftsinntektene
- Netto lånegjeld på 2 376 mill. kroner dvs. 117 % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond på 96 mill. kroner dvs. 4,7 % av driftsinntektene

Sentrale nøkkeltal	Rekneskap 2022		Årsbudsjett 2022		Rekneskap 2021	
	Kroner	% av innt.	Kroner	% av innt.	Kroner	% av innt.
Sunnfjord kommune						
Driftsinntekter	2 336 007 541		2 028 581 000		2 212 720 386	
Netto driftsresultat	36 869 816	1,6 %	31 474 350	1,6 %	58 389 597	2,6 %
Netto lånegjeld (lån-ubrukt-utlån)	2 198 548 673	94 %	2 376 000 000	117 %	2 206 620 793	100 %
Disposisjonsfond	123 481 400	5,3 %	96 000 000	4,7 %	130 238 072	5,9 %

Kommentar til avvik mellom handlingsreglar og måltal for 2022:


- Netto driftsresultat i 2022 er på 1,6 % og er i samsvar med måltal.
- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter blir positivt påverka både av lågare netto lånegjeld, og av auke i driftsinntekter. Vi har nytta ulike måtar å berekne netto lånegjeld på. Det er derfor ikkje direkte samanliknbart mellom budsjett og rekneskap i 2022, men det er samanliknbart mellom rekneskap 2022 og rekneskap 2021. Der ser vi at nivået på netto lånegjeld i kroner er uendra med 2,2 mrd. kroner. Den positive utviklinga i netto lånegjeld i % av inntektene skuldast auka inntekt og at vi held låneopptaket likt nivået på betalt avdrag dvs. 99 mill. kroner.
- Disposisjonsfondet utgjer 123 mill. kroner pr. 31.12.2022. Det er ein reduksjon på 6,8 mill. kroner samanlikna mot 31.12.2021. Likevel er det betre enn vedteken handlingsregel i årsbudsjett 2022. Dette på grunn av at årsbudsjett 2022 vart vedteken før disponering av overskot i rekneskapen 2021.

## Økonomiske nøkkeltal

Tabellen nedanfor viser førebelse KOSTRA-tal for 2022 samanlikna med endelege KOSTRA-tal for 2021 for Sunnfjord kommune, KOSTRA-gruppe 9 og landet utanom Oslo.


Årsaka til at KOSTRA-tal for 2022 er førebelse, er at det pågår revisjon og deretter politisk vedtak på disponering av resultat. Endelege KOSTRA-tal for 2022 kjem i juni 2023.

KOSTRA-tal viser konsern og konsolidert rekneskap. For Sunnfjord kommune inngår Sunnfjord kommune sin andel av interkommunale selskap i konsernet. Det vil seie Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid SYS IKL, Alarmsentralen Sogn og Fjordane og Sunnfjord Miljøverk. Det kan derfor vere mindre avvik mellom kommune-tal omtalt i årsmeldinga og konsern-tal omtalt i KOSTRA-analyser.



Netto driftsresultat i % av driftsinntektene for Sunnfjord kommune er redusert 2,6 % i 2021 til 1,5 % i 2022. Dette er ei negativ utvikling, men samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 og landet utanom Oslo, så har Sunnfjord kommune styrka seg ved at avstanden til desse er lågare i 2022 enn i 2021. Høgare skatteinngang nasjonalt enn det som låg til grunn i statsbudsjettet for 2022 er hovudforklaringa på eit godt netto driftsresultat for kommunane i 2022.

Netto lånegjeld % av driftsinntektene for Sunnfjord kommune er redusert frå 97,5 % i 2021 til 92,7 % i 2022. Det er ei positiv utvikling, og vi har lågare netto lånegjeld enn både KOSTRA-gruppa og landet utanom Oslo.



Disposisjonsfond (fri egenkapital) i % av driftsinntekter for Sunnfjord kommune er redusert frå 6,0 % i 2021 til 5,3 % i 2022. Det er ei negativ utvikling, og samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 og landet utanom Oslo så har Sunnfjord kommune eit lågt disposisjonsfond. Rekneskapsmessig mindreforbruk på 18 mill. kroner er disponert ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Eventuell anna bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk vil derfor medføre at disposisjonsfondet vert ytterlegare svekka.

Overordna KOSTRA-tal er omtalt i kapittel 1.9 i årsmeldinga.

Ytterlegare analyse av KOSTRA-tal vil inngå i årsrapport 2022 for Sunnfjord kommune.

## 1.6 Finans og gjeld

Kommunelova slår fast at kommunen skal forvalte gjeld og finansielle midlar på ein slik måte at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Det siste året har lært oss korleis renter og gjeld påverkar privatøkonomien. Det er på same måte for kommuneøkonomien. Difor er det viktig å ha forståing for ~~kunnskap~~ om korleis gjelda er samansett, eigenskapane ved ulike finansprodukt og risikoen gjeldsporteføljen er utsett for.

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkastning og stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer. [Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga](#) vart vedtatt av kommunestyret den 29.10.2020.

### 1.6.1 Styringsrente og rentemarknaden det siste året

Styringsrenta frå Norges Bank påverkar i første rekke bankane sine innskots- og utlånsrenter. Marknadsrenta frå bankane påverkar i sin tur kronekursen, prisane på verdipapir, bustadprisar og etterspørselen etter lån, forbruk og investeringar. Endringar i styringsrenta verkar med andre ord styrande for mange viktige størrelsar i økonomien, derav namnet styringsrente.

Ved inngangen av året var styringsrenta i Norge 0,50 prosent. Gjennom året har Norges Bank heva styringsrenta fleire gonger slik at den ved utgangen av året var 2,75 prosent. I tillegg til at styringsrenta er sett opp med 2,25 prosent i 2022 har prisutvikling på aksjar, bustadar, kreditt og valuta bidrege til å dempe den økonomiske aktiviteten. Høge energiprisar, høg etterspurnad og utfordringar på tilbodssida har ført til høg inflasjon internasjonalt det siste året. Den høge inflasjonen tvang (nesten) alle sentralbankane i verda til å heve styringsrentene i 2022.

I starten av 2022 var finansmarknadane globalt nervøse blant anna på grunn av inflasjonsfrykt, forventning om høgare renter og den økonomiske nedgangen i Kina. Nyheitsbildet var flytta frå pandemien til høge prisar, og frå februar krigen i Ukraina. Gjennom året har det vore store svingingar i finansmarknadane. 2022 vart ei spesielt dårleg år for investorane. Det spesielle med året var at nesten alle typar investeringar fall i verdi samstundes. Råvarer, og då særleg energi, var omtrent det einaste lyspunktet for investorane.

### 1.6.2 Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet

Forvaltning av likviditet med låg risiko og høg likviditet skal sikre at kommunen kan betale sine utgifter ved forfall og samtidig få tilfredsstillande avkastning. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein tilgjengeleg driftslikviditet som minst er like stor som forventa likviditetsbehov dei neste 30 dagane. Forvaltninga skal minimum oppnå avkastning tilsvarande innskotsrente på hovudbankavtalen.

Forvaltninga blir ivaretatt gjennom hovudbankavtalen og kassakredittlån som kommunen har med Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunestyret fattar vedtak om kassakredittlån i samband med årsbudsjettet. For 2022 har kassakredittlån ei



øvre ramme 100 mill. kroner. Lånet sikrar naudsynt driftslikviditet, har låg risiko og vert kunn nytte ved behov.

Tabellen under er henta frå balanserekneskapen, og viser kva postar under omløpsmidlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet.

B. Omløpsmidler	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2020
I. Bankinnskudd og kontantar	356 156 906	309 154 607	416 419 099
II. Finansielle omløpsmidler	190 587 159	200 011 951	186 510 357

Balanseposten for bankinnskott og kontantar, viser likviditetsmidlar kommunen har tilgjengeleg «her og no». Kommunen kan vurdere å plassere deler av dette i fond, framfor som bankinnskott.

Balanseposten for finansielle omløpsmidlar viser midlar som er plasser i aksjar og obligasjonar. Dette er midlar som forvaltast med ein lengre tidshorisont, men som kan gjerast disponibelt relativt raskt. Finansielle omløpsmidlar er beskrive nærare i neste punkt.

### 1.6.3 Midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont

Alle midlar ut over det som er berekna for driftslikviditet dei neste 48 månadar vert å rekne som midlar med lang tidshorisont. Forvaltninga har som formål å sikre ei langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggjarane i Sunnfjord kommune eit godt tenestetilbod.

Kommunen skal i si forvaltning ha ein låg til moderat risikoprofil. Risikospreiing får ein ved å fordele midlane på ulike produkt og verdipapir innanfor fleire aktiva- og risikoklassar.

Sunnfjord kommune hadde pr. 01.01.2022 plassert 200 mill. kroner i rente og obligasjonsfond (59,4 %) og aksjefond (40,6 %), med ulike risikoklassar og krav til avkastning. Plasseringane er gjort av tre forskjellige fondsforvaltarar.

Finansmarknadane har lagt bak seg eit krevjande år med unormal høg usikkerheit. Nedgangen i verdi på Sunnfjord kommune si portefølje i 2022 vart 9,4 mill. kroner, tilsvarande ein nedgang på 5 %, og 12,6 mill. kroner dårlegare enn revidert budsjettet.


	Verdi 31.12.22	Verdi 01.01.22	Endring 2022
C Worldwide Asset management	82 902 098	89 165 754	- 6 263 656
DNB Kapitalforvaltning	79 773 818	82 207 642	- 2 433 824
Fondsforvaltning	27 911 213	28 638 555	- 727 342
<b>Sum</b>	<b>190 587 129</b>	<b>200 011 951</b>	<b>- 9 424 822</b>

Tabellen viser verdiendringa gjennom året for plasserte midlar, fordelt på dei ulike fondsforvaltarane.

### 1.6.4 Forvaltning av kommunen si gjeld

Kommunen si gjeld påverkar økonomien og difor er det viktig å ha kunnskap om korleis gjelda er samansett, eigenskapane ved ulike finansprodukt og risikoen gjeldsporteføljene er utsett for.

Den samla lånegjelda er fordelt mellom Kommunalbanken (KBN), KLP og DNB (SB1M). Husbanken er ikkje med her og kjem i tillegg. Anna lån er lånet vi overtok frå Husbanken ved kjøp av Nærleiken barnehage. Figurane viser fordelinga av lån mellom finansinstitusjonar i beløp og som prosent.



Dei viktigaste nøkkeltala knytt til gjeldsporteføljene i kommunen er gjort greie for på dei neste sidene.

### Total lånegjeld

	Total lånegjeld		
	31.12.2022	31.12.2021	Endring
Samla lånegjeld	2 793 998 698	2 778 810 047	15 188 651
Lån til investering	2 359 467 908	2 377 031 043	- 9 473 948
Husbanken vidareutlån	426 441 603	401 779 004	24 662 599

Den samla lånegjelda til Sunnfjord kommune er på 2 793 998 698 mill. kroner. Det er ein auke i lånegjelda på 15 mill. kroner frå 2021. Denne endringa fordeler seg med ein reduksjon på 9 mill. kroner på lån til investeringar og auke på 25 mill. kroner til Husbanken vidareutlån.

Reglement for finans og gjeldsforvaltninga seier at kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån. Største lån skal ikkje overstige 20 % av den samla gjelda . I tillegg har ein vedtatt mål/handlingsregel om at netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, skal være under 100 %. Lånegjelda utgjer 119 % av inntektene i 2022 og bryt dermed med målet i handlingsregelen.

### Fordeling rentebinding

Fordeling rentebinding	Saldo	% av total
Rentebinding over 1. år (fastrente)	853 866 833	36,23 %
Rentebinding under 1. år (flytande rente)	1 047 960 944	44,47 %
<b>Sum rentebinding</b>	<b>1 901 827 777</b>	<b>80,70 %</b>
Flytande rente (P.t. vilkår)	454 860 158	19,30 %
<b>Sum rentebinding</b>	<b>2 356 687 935</b>	<b>100,00 %</b>
Rentebinding over 1. år (fastrente)	853 866 733	36,23 %
Rentebinding under 1. år (flytande rente)	1 502 821 102	63,77 %
<b>Sum rentebinding</b>	<b>2 356 687 835</b>	<b>100,00 %</b>

Rentebinding over 1. år (fastrente) viser eit nøkkeltal på 36,23 %. Dette er ein auke frå 2021 på 13,39 %. Renterisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Rentebinding under 1 år (flytande rente) viser eit nøkkeltal på 44,47 %. Dette er ein nedgang frå 2021 på 13,39 %. Nøkkeltalet viser del av låneporteføljen som er utsett for endringar i rentenivået. Altså alle lån med flytande rente (Nibor, p.t. rente), men også fastrentelån som går ut av rentebindinga det kommande året.

Låneopptak skal gjerast til gunstigaste vilkår i marknaden, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Porteføljens rentebindingstid og renterisiko					
Intervall	Pålydande i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Økning i rentekostnad ved 1 % renteøkning, kroner
Under 1 år	1 603 843 214	0,16	68,37 %	68,37 %	16 038 432
1 til 2 år	315 476 897	1,75	13,45 %	81,81 %	19 193 201
2 til 3 år	174 004 080	2,89	7,42 %	89,23 %	20 933 242
3 til 5 år	-	0,00	0,00 %	89,23 %	20 933 242
> 5 år	252 630 640	7,69	10,77 %	100,00 %	23 459 548
<b>SUM</b>	<b>2 345 954 831</b>	<b>1,39</b>	<b>100,0 %</b>		

	31.12.2022	31.12.2021
Rentebindingstid	1,39 år	1,76 år
Vekta gjennomsnittrente	3,05 %	1,45 %
Kapitalbinding	9,29 år	9,41 år
Kapitalbinding under 1 år	4,77 %	14,38 %
Rentesensitivitet	16 038 432	15 038 577

Nøkkeltalet rentebindingstid viser eit vekta gjennomsnitt av rentebindingstid for den samla låneporteføljen. Det kan vere naturleg å sette eit tak på kor stor del av fastrentelån som kan forfalle kvart år, og samstundes sette band på gjennomsnittleg rentebindingstid, då det vil bidra til å redusere risikoen for svingingar i renteutgifter frå år til år.

Rentebindingstida er redusert frå 1,76 år i 2021 til 1,39 år i 2022.

Gjennomsnittleg vekta rentebindingstid på samla renteberande gjeld, skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 5 år, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Nøkkeltalet vekta gjennomsnittrente viser den vekta gjennomsnittsrenta av den totale lånegjelda (både flytande- og fastrentelån).

Vekta gjennomsnittrente har auka frå 1,45 % i 2021 til 3,05 % i 2022.

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingstid innanfor eit akseptabelt risikonivå, og med formål om å oppnå føreseieleg og lågast mogleg renteutgift, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Porteføljens kapitalbinding og refinansieringsrisiko			
Intervall	Pålydande i NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	111 970 955	0,39	4,77 %
1 til 2 år	364 858 673	1,39	15,55 %
2 til 3 år	328 141 150	2,50	13,99 %
3 til 5 år	-	0,00	0,00 %
> 5 år	1 540 984 053	13,24	65,69 %
SUM	2 345 954 831	9,29	100,00 %

Nøkkeltalet kapitalbinding viser den gjennomsnittlege nedbetalingstida for alle lån. Portefølje med kapitalbinding under 1 år har stort kapitalbehov det kommande året. Dette nøkkeltalet viser kor stor andel av porteføljen som kjem til forfall innanfor det næraste året. Portefølje med kapitalbinding over 5 år antas å ha ein «normal» forfallsstruktur. Kapitalbindingstida har gått ned frå 9,41 år i 2021 til 9,29 år i 2022. Ingen krav til kapitalbinding i reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Nøkkeltalet kapitalbinding under 1 år viser kor stor del av porteføljen som kjem til forfall innan dei neste 12 månadane. Dette beløpet er på 112 mill. kroner. Kapitalbindingstida under 1 år er redusert frå 14,38 % til 4,77 % i 2022. Lån som

forfell skal ikkje overstige meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Nøkkeltalet rentesensitivitet viser årleg rentekostnad ved 1 %-poeng auke i det generelle rentenivået. Rentesensitivitet i kroner har gått opp frå 15 038 577 kroner i 2021 til 16 038 432 i 2022. Ingen konkrete krav til rentesensitivitet i reglement for finans og gjeldsforvaltninga, men er tatt omsyn til indirekte gjennom dei krav som er satt i forhold til risiko.

Krav i gjeldende reglement	Status	Kommentar
Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK	
Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap. Det er adgang til å leggje lån ut i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som serielån og utan avdrag (bulletlån).	OK	
Låneopptak skal gjerast til gunstigaste vilkår i marknaden. Det skal normalt innhentaast minst to konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (til dømes startlån i Husbanken).	OK	
Et enkelt lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje.	OK	
Låneporteføljen skal bestå av færrest moglege lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa.	OK	
Refinansieringsrisikoen (risiko for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfall) skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall.	OK	
Lån som forfall og som ikkje skal innløyast innan ein periode på 12 mnd skal ikkje overstige meir enn 20 % av total gjeldsportefølje.	OK	
Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode innanfor eit akseptabelt risikonivå, og med formål om å oppnå føreseieleg og lågast muleg renteutgift.	OK	
Renterisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering.	OK	
Gjennomsnittleg attvarande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberende gjeld skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 5 år.	OK	

Kjve til forvaltning av gjeldsporteføljen i forhold til gjeldende finansreglement. Kommentrar kan dersum det er avvik fra finansreglementet.

Den samla låneporteføljen si samansetjing fyller vilkåra i finansreglementet til Sunnfjord kommune.

### 1.6.5 Lånegjeld kommunen garanterer for

Kommunen har overtatt garantiar for lånegjeld frå dei gamle kommunane. Tabellen under viser all lånegjeld kommunen garanterer for. Note side 28.

Garanti gitt overfor	Type garanti	Restgaranti	Opprinneleg	Utløps- tidspunkt	Låneinstitusjon
Sunnf. Kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldgaranti	659 750	870 000	2045	KLP
Sunnf. Kyrkjelege fellesråd	Sjølvskuldgaranti	748 000	1 280 000	2036	KLP
Sande barnehage	Sjølvskuldgaranti	1 031 460	2 177 468	2031	Kommunalbanken
Alarmsentralen S og Fj.	Sjølvskuldgaranti	38 077	604 400	2024	KLP
Gaular bustadstifting	Sjølvskuldgaranti	4 886 269	8 905 450	2033	KLP
<b>Sum</b>		<b>7 363 556</b>	<b>13 837 318</b>		

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd sine garantiar gjeld ombyggingar av kyrkjebygg i kommunen.

Sande barnehage sin garanti gjeld for bygging av barnehage.

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane gjeld utstyr til sentralen.

Gaular bustadstifting sin garanti gjeld bygging av omsorgsbustadar i gamle Gaular kommune.

Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstige 24,2 mill. kroner.

Garantiansvaret blir redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskrifta § 3.

Tidlegare garanti frå Førde kommune til Førde Tomteselskap vart ikkje nytta. Ved samanslåing vart derfor denne ikkje vidareført i Sunnfjord kommune. Kommunestyret har i 2021 vedteke ny garanti til Sunnfjord Tomteselskap. Garantien skal godkjennast av Statsforvaltaren før den kan nyttast.

## 1.7 Investeringar

Bevilgningsoversikt - investering, §5-5, 1. ledd	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Årsbudsjett 2022	Rekneskap 2021
Sum investeringsutgifter	356 078 208	681 076 783	180 944 450	341 271 783
Sum investeringsinntekter	- 268 977 506	- 595 295 130	- 144 402 450	- 283 723 295
Netto utgifter videreutlån	638 360	-	-	- 10 781 161
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 87 739 063	- 85 781 652	- 36 542 000	- 46 767 328
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0

Sum investeringsutgifter og sum investeringsinntekter i tabellen overfor viser at det i 2022 har vore høgare aktivitet enn i 2021. Budsjettet er revidert ved å ta inn tidlegare løyvingar frå 2021 budsjettet. Tabellen viser at Sunnfjord kommune framleis har eit etterslep på investeringar, men at etterslepet er redusert gjennom høgare aktivitet i 2021 enn opprinneleg budsjett.

Investeringsrekneskapan for 2022 er gjort opp ved at alle utgifter er finansiert. Det er i 2022 brukt 103,4 mill. kroner i finansiering med bruk av lån, 95,9 mill. kroner i tilskot frå andre, 35,9 mill. kroner i kompensasjon for meirverdiavgift og 60,6 mill. kroner i overføring frå drift.

Tabellen nedanfor viser oversikt over dei største investeringsprosjekta i Sunnfjord kommune i 2022 målt i investeringsutgifter.

Vesentlege investeringar 2022							
Prosjekt	Prosjektnamn	Utgifter 2022	Totalt budsjett	Totale utgifter	Generell finansiering	Mva komp	Øyremarka midlar
170207	KV.Hafstadvegen (Fp tiltak 14)	56 517 639	62 589 804	62 589 804	-16 129 185	-7 960 619	-38 500 000
170068	KV Indre Øyrane-Langebruvegen (Fp tiltak 12)	39 223 014	76 358 991	90 507 915	-67 110 277	-15 946 565	-7 451 073
110043	Tingsinnskot Sunnfjord Tomteselskap AS	28 730 000	28 730 000	28 730 000	-28 730 000	0	0
170006	BEF, 14 stk omsorgsbustadar Apotekergarden	20 722 000	41 092 083	41 092 083	-22 458 884	-21 199	-18 612 000
170045	Rehabilitering av hus og hage i Astruptunet	11 841 298	31 470 000	24 818 061	0	-4 706 686	-20 111 375
170085	Avlaupsledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1372)	7 203 555	24 290 622	25 844 407	-19 524 192	0	-6 320 215
170086	Vassledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1373)	7 202 747	24 116 378	26 067 493	-19 762 376	0	-6 305 117
170066	KV Gangbru Naustøyna-Storehagen (Fp tiltak 8)	6 463 785	11 022 069	14 384 808	-9 710 950	-2 409 470	-2 264 388
170003	BEF, Bygstad idretts- og fritidspark (GA 3133) inkl 170163	5 971 442	66 992 245	55 521 399	-35 263 849	-8 477 550	-11 780 000
170137	Gravdalsholten - fortau og avkøyring E39 (F 1595)	5 552 694	6 950 000	5 964 013	-4 801 736	-1 162 277	0
170153	Gamblebanken - opprusting og vidare bruk	5 467 597	6 860 675	5 848 048	-4 744 941	-1 103 107	0
170152	Indre Øyrane - avløp	5 455 891	8 740 989	7 100 692	-7 038 192	0	-62 500
170243	Asfaltering av Festplassen	5 371 049	4 624 091	5 624 735	-1 695 742	-878 993	-3 050 000
110053	Hafstad bydel - tomtekostnad	5 127 491	5 127 491	5 127 491	-5 127 491	0	0
180039	Byggefelt Mallasvik Veg	4 806 855	0	4 806 855	0	0	-4 806 855

Investeringsprosjekt med samla utgifter på 15 mill. kroner eller meir vert det lagt fram eigne saker til kommunestyret. Investeringsprosjekt med meirkostnad vert handtert med omdisponering av midlar frå andre prosjekt eller nye løyvingar.



Tabellen nedanfor oppsummerer prosjekt med meirforbruk i høve utgiftsramme. Totalt meirforbruk utgjør 23,9 mill. kroner. Det vert lagt fram eiga sak for å ta stilling til meirforbruket.

Bevilgningsoversikt - investering, §5-5, 2. ledd	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Meirforbruk i høve utgiftsramme
170068 KV Indre Øyrane-Langebruvegen (Fp tiltak 12)	39 223 014	28 982 513	10 240 501
170327 BEF Rehabilitering etter brann Førde ungdomsskule	3 411 133	-	3 411 133
170086 Vassledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1373)	7 202 747	5 251 632	1 951 115
170085 Avlaupsledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1372)	7 203 555	5 649 770	1 553 785
170267 Vegkryss E-39 ved Spesialvarer, tidlegare 1222	1 477 793	-	1 477 793
170055 Svidalselva, gjennombygging etter flaum	866 423	-	866 423
170243 Asfaltering av Festplassen	5 371 049	4 624 091	746 958
170180 Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs	467 156	-	467 156
170057 Svidalsvegen, gjenoppbygging etter flaum	453 601	-	453 601
170103 Vieåsen avkjøring Løland vassl.del 1 (F 1070)	1 286 604	898 079	388 525
170056 Bergbrua 2, gjennombygging etter flaum	376 560	-	376 560
170293 Skredsikring Skei bustadfelt	375 914	-	375 914
170017 Maskiner og utstyr teknisk drift	1 570 523	1 284 399	286 124
170077 Bergbrua 2, elveoppbygging etter flaum	234 621	-	234 621
110050 Sunnfjord rådhus - justering mva/mva-komp	178 682	-	178 682
170297 Farsund bustadfelt - veg	174 684	-	174 684
170282 DR75630 VW Caddy 2015 modell - til brannførebyggande arb.	140 000	-	140 000
170054 Reguleringsplan Kjøsnes	961 101	825 305	135 796
170299 Farsund bustadfelt - avløp	104 810	-	104 810
170298 Farsund bustadfelt - vatn	87 342	-	87 342
170177 Brann - bygg, utstyr, brannbil, kommandobil	1 584 000	1 500 000	84 000
170326 Oppgradering KV6130 Vievegen	1 094 743	1 032 361	62 382
170058 Gangbru Svidalselva, gjenoppbygging etter flaum	46 924	-	46 924
170078 Årsetelva, elveoppbygging etter flaum	34 848	-	34 848
110054 Grunnerverv Sunde skule - 58/133	22 345	-	22 345
170300 Farsund bustadfelt - uteområde	21 835	-	21 835
170060 Høgdebasseng Årsetbakkane veg, gjenoppbygging etter flaum	20 117	-	20 117
170061 Høgdebasseng Årsetbakkane vassledning, gjenoppbygging etter flaum	8 047	-	8 047
170062 Høgdebasseng Årsetbakkane avløpsledning, gjenoppbygging etter flaum	8 047	-	8 047
Sum investering i varige driftsmidlar, aksjar og andelar, tilskot til andre sine investeringar og utlån av egne midlar med meirforbruk i høve budsjettamme	74 008 217	50 048 150	23 960 067

Oppsummert er investeringsprosjekt kostnadsført i samsvar med avtale, eksterne midlar og vedtak. Det er målsetjing om at i rekneskap for 2023 så er omfang av prosjekt utan budsjett redusert.

## 1.8 Eigenkapital og likviditet

### 1.8.1 Disponibel kapital

Fond og overskot	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2020
Disposisjonsfond	123 481 400	130 238 072	96 432 680
Bundne driftsfond	75 864 753	92 853 030	107 191 007
Mindreforbruk i driftsrekneskapet		-	
<b>Sum</b>	<b>199 346 153</b>	<b>223 091 102</b>	<b>203 623 687</b>
Ubundne investeringsfond	49 167 367	67 945 095	75 365 193
Bundne investeringsfond	57 787 474	66 134 045	67 474 003
Udekka beløp i investeringsrekneskapet		-	914 910
<b>Sum</b>	<b>106 954 841</b>	<b>134 079 140</b>	<b>141 924 286</b>
<b>Oppspart kapital</b>	<b>306 300 994</b>	<b>357 170 242</b>	<b>345 547 973</b>
Av dette bundne fond	133 652 227	158 987 075	174 665 010
Frie fond	172 648 767	198 183 167	171 797 873
<i>Disposisjonsfond i % av driftsinntekter</i>	5,3 %	5,9 %	4,6 %
<i>Frie fond i % av driftsinntekter</i>	7,4 %	9,0 %	8,1 %

Ved utgangen av 2022 er disponibel oppspart kapital redusert med 50,6 mill. kroner til 306,3 mill. kroner. Av total oppspart kapital utgjør 172,5 mill. kroner frie fond som kommunestyret fritt kan disponere.

Sunnfjord kommune har etablert ein handlingsregel om å halde disposisjonsfondet på 10 % av driftsinntekter i 2022. Ved utgangen av 2022 er disposisjonsfond 5,3 % av driftsinntektene.

### 1.8.2 Frie fond

Frie fond utgjør disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Disse midlane kan kommunestyret bruke til alle formål. Disposisjonsfond er midlar kommunen fritt kan disponere både til drifts- og investeringsformål, medan ubundne investeringsfond er avgrensa til finansiering av alle investeringsformål.

Bruk og avsetjing til disposisjonsfond i 2022 er forklart i tabell nedanfor:

Disposisjonsfond	2022	2021	2020
<b>Pr. 01.01.</b>	<b>130 238 072</b>	<b>96 432 680</b>	<b>103 006 572</b>
Avsetnad til disposisjonsfond i drift		33 805 392	34 397 783
Bruk av disposisjonsfond i drift	- 6 756 672		- 40 971 675
<b>Pr. 31.12.</b>	<b>123 481 400</b>	<b>130 238 072</b>	<b>96 432 680</b>

Bruk av disposisjonsfond i 2022 gjeld rekneskapsmessig meirforbruk.

### 1.8.3 Bufferfond

Bufferfond inngår i summen som utgjør disposisjonsfond. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjonar med negativt resultat ut frå svingingar på finansinvesteringar.

Bufferfond	2022	2021	2020
<b>Saldo 01.01.</b>	<b>16 100 000</b>	<b>16 100 000</b>	<b>16 100 000</b>
Avkasting /indeksregulering			
Dekning underskot / strykingar			
<b>Saldo 31.12.</b>	<b>16 100 000</b>	<b>16 100 000</b>	<b>16 100 000</b>

Det er ikkje føreteke avsetjingar eller bruk av fondet i 2022. Saldo på bufferfond er derfor uendra frå 01.01.2022 på 16,1 mill. kroner pr. 31.12.2022.

#### 1.8.4 Bundne driftsfond

Bundne driftsfond er midlar kommunen skal disponere til formålet midlane er bundne til. Det kan vere øyremerka tilskot eller overskot på tenesteområde med sjølvkost.

Bundne fond - formål	Bokført verdi 01.01.2022	Avsetning	Bruk	Bokførtverdi 31.12.2022	Bokførtverdi 31.12.2021
Bundne driftsfond	83 507 528	10 035 335	21 483 222	72 059 641	83 507 528
Sjølvkostfond vatn				-	
Sjølvkostfond avløp	4 695 371		4 628 736	66 635	4 695 371
Sjølvkostfond feiing	896 573		896 573	-	896 573
Sjølvkostfond byggesak	3 192 012	284 868		3 476 880	3 192 011
Sjølvkostfond oppmåling	363 644		363 644	-	363 644
Sjølvkostfond eigarseksjonering	197 901	63 696		261 597	197 901
<b>Sum</b>	<b>92 853 029</b>	<b>10 383 899</b>	<b>27 372 175</b>	<b>75 864 753</b>	<b>92 853 028</b>
Bundne investeringsfond	66 134 045		8 346 571	57 787 474	66 134 045

Bundne driftsfond utgjorde 75,9 mill. kroner pr. 31.12.2022. Bruk utgjør ca. 27,4 mill. kroner og avsetning utgjør ca. 10,4 mill. kroner i 2022. Reduksjonen i bundne driftsfond frå 31.12.2021 er på ca. 17,0 mill. kroner.

Bruk av fond omfattar grunnskule 3,5 mill. kroner, tilrettelegging og bistand for næringsliv 3,1 mill. kroner og jobbstøtte 1,0 mill. kroner. Det er på sjølvkostområdet brukt av fondet til avløpsnett og innsamling av avløpsvatn på 4,6 mill. kroner feiarvesenet på 0,9 mill. kroner.

Under sjølvkostområdet er det gjort avsetning til byggesak og eigarseksjonering på 0,3 mill. kroner.

Notane gjev meir detaljert oversikt over bruk og avsetning til fond.

### 1.8.5 Likviditet

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare gjev endringar i arbeidskapitalen uttrykk for utviklinga i kommunen si betalingsevne.

	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2020
Omløpsmidlar (utan premieavvik)	712 724 897	716 047 854	767 028 983
Kortsiktig gjeld (utan premieavvik)	357 243 307	311 239 370	271 819 434
<b>Arbeidskapital (utan premieavvik)</b>	<b>355 481 590</b>	<b>404 808 484</b>	<b>495 209 549</b>
<b>Endring</b>	<b>- 49 326 894</b>	<b>- 90 401 065</b>	<b>- 18 978 690</b>
Unyttta lånemidlar	220 146 574	198 572 993	250 286 771
<b>Endring</b>	<b>21 573 581</b>	<b>- 51 713 778</b>	<b>5 090 980</b>
<i>Arbeidskapital utan premieavvik i % av brutto driftsinntekter</i>	<i>15,22 %</i>	<i>18,29 %</i>	<i>23,40 %</i>
<i>Unyttta lånemidlar i % av brutto driftsinntekter</i>	<i>9,42 %</i>	<i>8,97 %</i>	<i>11,80 %</i>

Arbeidskapitalen til Sunnfjord kommune utgjer ca. 355 mill. kroner. I tillegg kjem unyttta lånemidlar på ca. 220 mill. kroner. Endring i arbeidskapital gjennom 2022 er negativ med 49,3 mill. kroner medan endring i unyttta lånemidlar er positiv med 21,6 mill. kroner.

Likviditeten vert vurdert til å vere tilfredsstillande.

Sunnfjord kommune har ikkje nytta kassakreditt i 2022.

### 1.8.6 Premieavvik


Sunnfjord kommune fører årleg samla pensjonskostnad beståande av netto pensjonskostnad, administrasjonskostnader og avskrivning av tidlegare års premieavvik. Kvart år oppstår eit premieavvik på grunn av forskjell mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Sunnfjord kommune avskriv dette premieavviket over 7 år.

Pr. 31.12.2022 har Sunnfjord kommune eit premieavvik på 174,5 mill. kroner. Det er ein auke på 37,9 mill. kroner frå 31.12.2021 då premieavviket var på 136,6 mill. kroner. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift av premieavviket.

Premieavviket vil seie at Sunnfjord kommune har betalt premie til pensjonsleverandørar på 174,5 mill. meir enn det som er utgiftsført i rekneskapen. Dette skal utgiftsførast i rekneskapen med 1/7 dei næraste 7 åra. Premieavviket svekker likviditeten til Sunnfjord kommune.

## 1.9 Overordna KOSTRA-analyse

Grafen og tabellen nedanfor viser oversikt over moglegheit for innsparing ved samanlikning av førebelse KOSTRA-tal for 2022 med snittet i KOSTRA gruppe 09 og landet utan Oslo. .



Tabellen viser at Sunnfjord kommune har moglegheit for innsparing på totalt 123,4 mill. kroner samanlikna med snittet av kommunar i KOSTRA gruppe 09 og 134,1 mill. kroner samanlikna med landet utan Oslo.

Talgrunnlaget er korrigert for ulikt utgiftsbehov/ demografi frå kommune til kommune.

Størst moglegheit for innsparing samanlikna med andre har Sunnfjord kommune innan barnehage med 42,9 mill. kroner samanlikna mot KOSTRA gruppe 09 og 45,3 mill. kroner samanlikna mot landet utan Oslo. Deretter følgjer moglegheit for innsparing på 22,6 mill. kroner innan samferdsle og 19,8 mill. kroner innan grunnskule .

På motsett side viser tabellen ovanfor at Sunnfjord kommune driv meir effektivt enn KOSTRA gruppa 09 innan sosiale tenester med 11,2 mill. kroner, kommunehelse med 1 mill. kroner og kommunale bustadar med 0,9 mill. kroner.

Administrasjonen vil jobbe vidare med KOSTRA-analyse som grunnlag for effektiviserings- og innsparingsprosessen vi står framfor. Vi vil då samanlikne oss med konkrete kommunar som har om lag same innbyggartal, areal og demografi.

Ytterlegare analyse av KOSTRA-tal vil inngå i årsrapport 2022 for Sunnfjord kommune.

## 1.10 Hovudoversikter – Rekneskap

Fullstendig oversikt over hovudoversikter til rekneskapen 2022 framgår av årsrekneskap og notar til rekneskapen 2022.

### 1.10.1 Driftsrekneskap

Økonomisk oversikt - drift, § 5-6	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Årsbudsjett 2022	Rekneskap 2021
<b>Driftsinntekter</b>				
1 Rammetilskudd	737 566 483	776 520 321	754 011 000	771 078 157
2 Inntekts- og formuesskatt	851 116 831	749 438 000	734 553 000	725 562 648
3 Eiendomsskatt	83 325 901	82 600 000	81 700 000	81 227 474
4 Andre skatteinntekter	6 422 912	7 500 000	2 500 000	6 275 083
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	82 359 881	59 163 748	43 612 833	71 605 409
6 Overføringer og tilskudd fra andre	326 771 394	183 481 571	175 026 277	319 134 184
7 Brukerbetalinger	83 124 762	74 697 598	74 109 870	81 927 478
8 Salgs- og leieinntekter	165 319 377	163 068 076	163 068 076	155 909 953
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>2 336 007 541</b>	<b>2 096 469 314</b>	<b>2 028 581 056</b>	<b>2 212 720 386</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
10 Lønnsutgifter	1 223 238 079	1 119 023 356	1 093 934 277	1 151 532 517
11 Sosiale utgifter	286 120 923	284 339 861	278 442 158	262 689 202
12 Kjøp av varer og tjenester	537 534 282	447 974 269	425 526 103	517 971 361
13 Overføringer og tilskudd til andre	130 903 162	111 118 490	112 024 361	138 806 450
14 Avskrivninger	140 095 458	140 095 458	-	131 968 201
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>2 317 891 904</b>	<b>2 102 551 434</b>	<b>1 909 926 899</b>	<b>2 202 967 732</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>18 115 637</b>	<b>- 6 082 120</b>	<b>118 654 157</b>	<b>9 752 655</b>
<b>Finansinntekter</b>				
17 Renteinntekter	15 056 407	11 877 293	10 877 293	7 871 301
18 Utbytter	26 571 689	29 423 000	29 423 000	23 149 125
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	- 9 424 822	3 239 900	12 597 900	13 501 594
20 Renteutgifter	54 493 849	54 705 000	43 205 000	31 849 349
21 Avdrag på lån	99 050 705	97 400 000	96 873 000	96 003 930
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>- 121 341 280</b>	<b>- 107 564 807</b>	<b>- 87 179 807</b>	<b>- 83 331 259</b>
23 Motpost avskrivninger	140 095 458	140 095 458	-	131 968 201
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>36 869 816</b>	<b>26 448 531</b>	<b>31 474 350</b>	<b>58 389 597</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>				
25 Overføring til investering	60 614 764	61 083 170	36 502 000	38 922 181
26 Avsetninger til bundne driftsfond	10 383 899	653 930	653 930	16 127 511
27 Bruk av bundne driftsfond	- 27 372 176	- 10 477 569	- 5 070 580	- 30 465 488
28 Avsetninger til disposisjonsfond	900 000	900 000	-	33 805 392
29 Bruk av disposisjonsfond	- 7 656 672	- 25 711 000	- 611 000	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
<b>31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>36 869 816</b>	<b>26 448 531</b>	<b>31 474 350</b>	<b>58 389 597</b>
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

## 1.10.2 Investeringsrekneskap

Bevilgningsoversikt - investering, §5-5, 1. ledd	Rekneskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Arsbudsjett 2022	Rekneskap 2021
1 Investeringer i varige driftsmidler	302 417 083	614 302 926	176 344 450	329 942 259
2 Tilskudd til andres investeringer	4 947 670	17 083 277	-	5 801 854
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	34 768 455	35 765 580	4 600 000	3 920 420
4 Utlån av egne midler	3 620 000	3 600 000	-	1 607 250
5 Avdrag på lån	10 325 000	10 325 000	-	-
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>356 078 208</b>	<b>681 076 783</b>	<b>180 944 450</b>	<b>341 271 783</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	35 993 206	77 367 795	21 023 450	43 526 353
8 Tilskudd fra andre	95 864 824	141 825 883	6 106 000	37 321 668
9 Salg av varige driftsmidler	31 916 534	120 568 103	20 000 000	20 742 738
10 Salg av finansielle anleggsmidler	421 912	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	1 442 000	1 483 000	-	417 140
13 Bruk av lån	103 339 030	254 050 349	97 273 000	181 715 395
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>268 977 506</b>	<b>595 295 130</b>	<b>144 402 450</b>	<b>283 723 295</b>
15 Videreutlån	31 960 389	76 052 823	60 000 000	63 947 177
16 Bruk av lån til videreutlån	31 960 389	76 052 823	60 000 000	63 947 177
17 Avdrag på lån til videreutlån	32 308 643	-	-	20 895 774
18 Mottatte avdrag på videreutlån	31 670 283	-	-	31 676 934
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>638 360</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>10 781 161</b>
20 Overføring fra drift	- 60 614 764	- 61 083 170	- 36 502 000	- 38 922 181
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	26 254 391	-	-	25 175 085
22 Bruk av bundne investeringsfond	- 34 600 961	- 18 945 071	-	- 26 515 043
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	441 490	26 648 764	-	335 498
24 Bruk av ubundet investeringsfond	- 19 219 217	- 32 402 175	- 40 000	- 7 755 597
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	914 910
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>- 87 739 063</b>	<b>- 85 781 652</b>	<b>- 36 542 000</b>	<b>- 46 767 328</b>
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	-	-	-	-




### 1.10.3 Balanserekneskap

Oversikt - Balanserekneskapen §5-8	31.12.2022	31.12.2021
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>7 128 588 182</b>	<b>6 786 357 515</b>
I. Varige driftsmidler	3 695 315 515	3 555 262 899
1. Faste eiendommer og anlegg	3 602 616 306	3 461 539 836
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	92 699 210	93 723 063
II. Finansielle anleggsmidler	1 032 874 755	997 173 911
1. Aksjer og andeler	657 571 304	623 557 650
3. Utlån	375 303 451	373 616 261
IV. Pensjonsmidler	2 400 397 912	2 233 920 705
<b>B. Omløpsmidler</b>	<b>890 539 046</b>	<b>872 478 498</b>
I. Bankinnskudd og kontanter	356 156 906	309 154 607
II. Finansielle omløpsmidler	190 587 129	200 011 951
1. Aksjer og andeler	190 587 129	200 011 951
III. Kortsiktige fordringer	343 795 011	363 311 940
1. Kundefordringer	25 919 592	57 542 931
2. Andre kortsiktige fordringer	140 061 270	149 338 365
3. Premieawik	177 814 149	156 430 644
<b>Sum eiendeler</b>	<b>8 019 127 228</b>	<b>7 658 836 012</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>C. Egenkapital</b>	<b>2 450 047 997</b>	<b>2 335 368 567</b>
I. Egenkapital drift	199 346 154	223 091 102
1. Disposisjonsfond	123 481 400	130 238 072
2. Bundne driftsfond	75 864 753	92 853 030
II. Egenkapital investering	106 954 841	134 079 140
1. Ubundet investeringsfond	49 167 367	67 945 095
2. Bundne investeringsfond	57 787 474	66 134 045
III. Annen egenkapital	2 143 747 002	1 978 198 325
1. Kapitalkonto	2 141 519 920	1 975 971 243
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	2 227 083	2 227 083
<b>D. Langsiktig gjeld</b>	<b>5 208 496 067</b>	<b>5 010 240 495</b>
I. Lån	2 793 998 698	2 778 810 047
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	2 498 435 242	2 417 076 396
2. Obligasjonslån	183 592 501	183 592 501
3. Sertifikatlån	111 970 955	178 141 150
II. Pensjonsforpliktelse	2 414 497 368	2 231 430 448
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>	<b>360 583 164</b>	<b>313 226 950</b>
I. Kortsiktig gjeld	360 583 164	313 226 950
1. Leverandørgjeld	107 557 566	87 852 128
4. Annen kortsiktig gjeld	249 685 741	223 387 242
5. Premieawik	3 339 857	1 987 580
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>8 019 127 228</b>	<b>7 658 836 012</b>
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler	220 146 574	198 572 993
II. Andre memoriakonti	3 277 198	743 152
III. Motkonto for memoriakontiene	- 223 423 773	- 199 316 146

## 2 Måloppnåing

Sunnfjord kommune rapporterer i denne årsmeldinga tredje driftsåret i ny kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i februar 2022, og kommuneplanen sin arealdel er ute på høyring med mål om vedtak i juni 2023.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har følgjande målsetting og strategi:



Denne vart sett i arbeid ved at vi i økonomi- og handlingsplan for 2023-2026 vedteken i juni 2022, prioriterte strategiar og «slik gjer vi det»-tiltak både samla for kommunen og konkretisert innanfor kvar sektor. Dette blir ein del av styrings- og rapporteringssystemet for 2023.

Konkretisering av mål for 2022 er ikkje gjort utover arbeidet omtalt ovanfor.

I årsrapport 2022 for Sunnfjord kommune er samfunn, medverknad og måloppnåing omtalt meir detaljert.

Det er jobba vidare med å forankra visjon, verdiar og etiske retningslinjer i Sunnfjord kommune. Dette er omtalt i kapittel 3 i årsmeldinga.

Arbeidet med internkontroll/ eigenkontroll i Sunnfjord kommune er omtalt i kapittel 5.

Tabellen nedanfor viser Sunnfjord kommune sin rangering blant alle kommunar i Kommunebarometeret for 2022. Kommunebarometeret er ei måling publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her blir kommunane rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar. Sunnfjord kommune er rangert på 136. plass. Tabellen viser rangering innanfor kvar av dei 12 sektorane.

	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Sunnfjord	Sunnfjord	Sunnfjord
	2019	2019	2019	2019	2019	2020	2021
<b>Plassering nøkkeltal åleine</b>	<b>111</b>	<b>183</b>	<b>63</b>	<b>407</b>	<b>130</b>	<b>128</b>	<b>136</b>
<b>Plassering justert for økonomiske føresetnadar</b>	<b>100</b>	<b>217</b>	<b>32</b>	<b>386</b>	<b>112</b>	<b>129</b>	
Barnehage	57	12	151	66	108	145	102
Barnevern	195	152	194	330	206	107	77
Grunnskule	57	132	15	378	84	81	94
Helse	256	116	277	286	253	81	155
Kostnadsnivå	209	169	166	354	196	230	218
Kultur	417	410	113	375	229	200	240
Miljø og ressursar	268	257	235	159	233	313	221
Pleie og omsorg	326	181	53	397	152	65	105
Saksbehandling	91	300	222	122	202	15	105
Sosialteneste	184	298	336	212	294	252	171
Vatn og avløp	359	244	95	204	166	169	188
Økonomi	179	395	254	385	280	314	297

Tabell nedanfor viser utvikling i befolkning i ulike aldersgrupper for Sunnfjord kommune:

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring sist år
0 - åringar	260	245	256	247	255	220	253	222	-31
Barnehage (1-5 år)	1 443	1 418	1 351	1 315	1 306	1 288	1 273	1 263	-10
Grunnskule (6-15 år)	3 027	3 049	3 115	3 098	3 065	3 026	2 964	2 923	-41
Videregående (16-19 år)	1 193	1 243	1 214	1 215	1 199	1 200	1 230	1 231	1
Voksne (20-66 år)	12 973	13 046	13 045	13 004	13 034	12 974	12 977	13 045	68
Eldre (67-79 år)	1 923	1 987	2 074	2 147	2 222	2 346	2 451	2 568	117
Eldre (80-89 år)	691	700	714	723	739	755	752	759	7
Eldre (90 år og eldre)	192	184	194	210	210	211	216	204	-12
<b>Totalt</b>	<b>21 702</b>	<b>21 872</b>	<b>21 963</b>	<b>21 959</b>	<b>22 030</b>	<b>22 020</b>	<b>22 116</b>	<b>22 215</b>	<b>99</b>
<b>Endring totalt</b>	<b>138</b>	<b>170</b>	<b>91</b>	<b>-4</b>	<b>71</b>	<b>-10</b>	<b>96</b>	<b>99</b>	
<b>Endring totalt i %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>0,8 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,3 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>0,4 %</b>	

Befolkninga i Sunnfjord kommune auka med 99 innbyggjarar i 2022 til totalt 22 215 innbyggjarar. Det er ein svak vekst på 0,4 % samanlikna mot nasjonal folketalsvekst i 2022 på 1,2 %.

Vi har i 2022 hatt nedgang i tal innbyggjarar i aldersgruppa 0-åringar, barnehagebarn, grunnskuleelevar og eldre over 90 år. Den befolkningsgruppa som har auka mest i Sunnfjord kommune med 117 personar i 2022 er eldre 67-79 år.

### 3 Etikk



Etikk står sentralt i arbeidet med å skape tillit mellom kommunen og innbyggjarar. Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Sunnfjord kommune. Det siste året har vi arbeid med dette på fleire måtar.

#### Visjon og verdiar

Vi har ein visjon i Sunnfjord kommune: *Saman blir vi drivande gode*. Verdiane vi skal styre etter er: *Engasjert, Inkluderande og Nær*.

Einingar og tilsette har reflektert over kva dette betyr for arbeidsplassen, samhandlinga i eininga og korleis ein kan gjere dette om til eininga sitt overordna styringskompass. Fokuset på visjon og verdiar har vore ulikt i dei ulike einingane. Men det er arbeid med i fleire einingar, enten som tema i einingsmøter, på fagdagar eller ved lunsjbordet. Dette er eit kontinuerleg haldningsarbeid som vil halde fram også neste år.

Einingsleiarane gjev i si svargjeving til kommunedirektøren på *sjekklista for einingsleiarar eigenvurdering av eigenkontrollen*, betryggande score (5 av 6) både på i kva grad dei opplever om dei tilsette i eininga er kjent med *visjonen* og verdiane til kommunen, og på om dei *etiske* retningslinene er kjent (figur til høgre).

#### Etiske retningslinjer

Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten, og etikk vil også vere eit eige kontrollspørsmål i medarbeidersamtalen med einingsleiarane. Sunnfjord kommune er medlem av Transparency International som samarbeider med KS om etikk og antikorrupsjonsarbeid.



## **Slik styrer vi Sunnfjord kommune**

Det er laga ei handbok som gir ei kort innføring i dei viktigaste leiings- og styringsverktøya i kommunen – sentrale mål, forventningar til leiarar og tilsette, struktur, planar, årshjul, system – og samanhengar mellom desse. Målet med handboka har vore å gi ei god oversikt over det som er eit komplekst styringssystem. Handboka kan brukast som eit oppslagsverk og i opplæring. Tanken er òg at nyttilsette skal få eit eksemplar i handa første arbeidsdag. Vi håper publikasjonen er nyttig for tilsette, folkevalde og publikum.

## **Rettesnora – kommunedirektøren sitt elektroniske eigenkontrollsystem**

Sunnfjord kommune har etablert eit omfattande elektronisk eigenkontrollsystem, Rettesnora. Dette er eigd av kommunedirektøren. Leiarar og tilsette på alle nivå får fortløpande opplæring i bruk av verktøya i systemet, og er pålagde å nytte og dokumentere eigenkontrollarbeidet på sitt område her (detaljar, sjå del 5.1.4.)

## **Reglement for økonomi, finans- og gjeldsforvaltning**

Kommunestyret vedtok 17.11.2022 [revidert økonomireglement for Sunnfjord kommune](#). Formål med reglementet er å sikre effektiv og forsvarleg økonomistyring.

[Reglement for finans- og gjeldsforvaltning](#), vart vedtatt i kommunestyret den 29.10.2020. Reglementet skal sikre at kommunen forvaltar finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneberer vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

## **Risiko for mislighald**

Prosessar for å identifisere og handtere risiko for mislighald er godt innarbeid i organisasjonen gjennom fleire år. Hausten 2019 og vinteren 2020 vart det gjennomført eit omfattande obligatorisk opplæringsprogram for einingsleiarane i den nye kommunen. Vi har i 2022 hatt ein ny opplæringsrunde med nye og utvalde attestantar og tilvisarar.

Rutinar for tilvising skal sikre at ikkje same person gjer avtalar, kjøper inn, attesterer og tilviser.

Elektronisk handelsløysing hjelper til med å formalisere og sikre gode innkjøpsprosessar. Vi fokuserer på at einingane nyttar dei framforhandla rammeavtalane innanfor denne løysinga.

I det administrative delegasjonsreglementet går det fram at fullmakt til å inngå kontraktar for einingsleiarar er avgrensa til kontraktar med ein avtalesum under 1 300 000 kroner. Kommunedirektøren/kommunalsjef skal orienterast om innkjøp større enn 500 000 kroner.

Eininga rekneskap og løn utøver kontrollfunksjonen gjennom stikkprøver. Eit moderne økonomisystem bygger opp om dette og gjer kontrollen enklare.



## 4 Likestilling

Oversiktane i tabellane under baserer seg på tal henta ut frå kommunen sitt lønssystem pr 31.12.2022. Denne inkluderer alle tilsette i alle faste eller mellombelse stillingar som har eit løna arbeidsforhold i kommunen i samsvar med Hovudtariffavtalen (HTA) herunder også løna permisjon. Same berekningsmetode var nytta for årsmeldingane i 2020 og 2021.

### 4.1 Tilsette

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine sektorar pr. 31.12.2022:

Sektor	Tal årsverk	Tal årsverk kvinner	Tal årsverk menn	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn
Leiang	8	4	4	8	4	4
Staber	105	67	38	113	73	40
Skule	506	379	127	577	435	142
Barnehage	257	219	38	280	240	40
Helse- og sosial	191	160	31	227	186	41
Omsorg	537	472	65	769	668	101
Kultur og idrett	42	27	15	62	40	22
Teknisk og miljø	174	74	100	263	97	166
<b>Sum</b>	<b>1 820</b>	<b>1 402</b>	<b>418</b>	<b>2299</b>	<b>1 743</b>	<b>556</b>

Som oversikten viser så var det i kommunen 1820 årsverk i 2022. Det er ein auke på tre årsverk sett i høve til 2021. Kvinnedelen utgjør 77% som er den same som i 2021.

Totalt 2 263\* personar hadde eit løna arbeidstilhøve i Sunnfjord kommune pr 31.12.2022. Det er tre mindre enn tilsvarende tal i 2021.

Kvinnedelen og mannsdelen er den same som i 2021 på h.v. 76% og 24%.

Nasjonale tal for kvinnedelen i kommunesektoren er 75% (KS- tal for 2021).

Sunnfjord kommune ligg såleis litt over gjennomsnittet.

Av kommunen sine 151 leiarar (kommunedirektør/kommunalsjefar/einingsleiarar/ assisterande einingsleiarar) er 111 kvinner og 40 menn. Det utgjør ein kvinnedel på 73,5%.

Når det gjeld einingsleiarar (totalt 79 stk.), så er 55 kvinner (70%) og 24 menn (30%).

\*Når tal tilsette i sektorane utgjør meir enn tal tilsette i kommunen totalt, skuldast at fleire tilsette arbeider i fleire sektorar.

### 4.2 Heil- og deltidstilsette

Definisjon deltidstilsett: Ein som ikkje arbeider i 100 % stilling totalt i kommunen.

	Totalt 2022	Kvinner 2022	Menn 2022
Tal fulltidstilsette	1285	945	340
Fulltidstilsette i %	57	55	62
Tal deltidstilsette	978	767	211
Tal deltidstilsette i %	43	45	38

Tal heiltidstilsette utgjer totalt 57% av alle tilsette i kommunen. Det er ein auke på 4 %-poeng frå 2021. Gjennomsnittet for kommunane i Norge (KS- tal 2022) er 59,1%. Vi ligg såleis litt under landsgjennomsnittet.

Blant kvinner er 55 % heiltidstilsette og 62% av mennene. Gjennomsnittet for kommunane i Norge (KS- tal for 2022) er h.v. 55,7% og 69,3%. Vi ligg såleis om lag på nasjonale tal når det gjeld kvinner men betydeleg under når det gjeld menn.

#### 4.2.1 Heil – og deltidsstillingar innanfor sektorane

Omfanget av heil- og deltidsstillingar varierer innanfor dei einskilde sektorane –jf. tabellen under:

Sektor	Prosentvis tal tilsette kvinner i 100% stilling	Prosentvis tal tilsette menn i 100% stilling	Prosentvis tal tilsette totalt i 100 % stilling	Tal deltidstilsette	Prosentvis tal tilsette i deltidstilling
Leiing	100	100	100	-	-
Stabar	79	93	84	18	16
Skule	61	69	63	212	37
Barnehage	70	88	73	77	28
Helse- og sosial	66	56	64	82	36
Omsorg	39	41	39	469	61
Kultur og idrett	50	45	48	32	52
Teknisk og miljø	48	55	53	124	47
Sum	514	547	57	1 014	44

Tabellen viser heil- og deltidstilsette i sektoren. Då fleire har stillingar i fleire sektorar som i sum utgjer 100% stilling, så viser ikkje tabellen dette.

Omsorgssektoren har flest tilsette som arbeider deltid. Totalt 61% (66% i 2021) av dei tilsette har ei deltidstilling. Av desse er det 41 tilsette som eig ei 100 % stilling men som vel å gå i redusert stilling.

På grunn av stillinga sitt innhald og organisering, er det mange stillingar i kommunen som tilseier at det ikkje er i 100% stilling. Det vil og vere slik at det heller ikkje mogleg å kombinere denne med andre stillingar i kommunen. For mange tilsette er det heller ikkje mogleg eller ønskjeleg. Dette vil vere situasjonen for m.a. om lag 70 deltid brannmannskap, 25 legar i legetenesta, samt opp mot 100 tilsette som arbeider i reine helgestillingar i omsorgssektoren. Det er sjukepleiestudentar (45) og andre ufaglærte.

## Status sjukepleiarar i Omsorgssektoren

Det er eit fokus på sjukepleiarar i heil- og deltidstillingar i Omsorgssektoren. Her er statusen slik når det gjeld faste tilsette sjukepleiarar i denne sektoren:

Tal årsverk	Tal tilsette	Gjennomsnitt st. %	Tal tilsette som arbeider 100% st.	Tal tilsette som eig 100% st. men går i redusert stilling
120,85	141	86	77	35

Faste tilsette sjukepleiarar i denne sektoren som eig ei 100 % stilling utgjør 79% av dei tilsette.

Det er såleis ikkje noko stor *arbeidsreserve* i denne arbeidsgruppa. Det er derimot eit tankekors at såpass mange sjukepleiarar eig ei 100 % stilling, men vel å gå i redusert stilling.

### Ønskje om auke stilling

Faste tilsette som ønskjer å auke stillinga si, kan registrere dette på eit eige skjema på kommunen si nettside.

Dette starta kommunen med i 2020, og pr 31.12.2022 har vi no 76 som er registrert her. I sum utgjør deira ønskje om å auke stilling totalt 22,77 årsverk.

Desse fordelar seg slik:

Type kompetanse	Tal tilsette	Totalt ønskje om auke stilling tilsvarar i årsverk
Ufaglærte	33	10,06
Fagarbeidarar/tilsvarande	30	6,93
Høgskuleutdanna	13	5,78
<b>Sum</b>	<b>76</b>	<b>22,77</b>

Fleire av desse har mellombelse stillingar slik at dei arbeider i tider i ein høgare stillingsprosent. Elles er utfordringa at dei fleste ønskjer å auke stillinga i den same eininga som dei arbeider i. Det gjer det meir krevjande å få til ein stillingsauke.

### Kartlegging av deltid ved medarbeidersamtale

Utover at den einskilde registrer seg sjølv, kartlegg også kvar eining kor mange tilsette dei har med uønskt deltid. Det viser at totalt 89 faste tilsette i kommunen ønskjer å auke stillinga si og i sum utgjør det 26,2 stillingsprosent.

Dette fordelar seg slik innanfor kvar sektor og i følgjande stillingsgrupper:

Sektor	Ufaglært tilsette		Fagarbeidarar/tilsvarande tilsette		Høgskule-/Universitet utdanna tilsette	
	Tal tilsette	Sum prosent	Tal tilsette	Sum prosent	Tal tilsette	Sum prosent
Stab	1	0,1				
Skule	2	0,64	9	2,42	5	1,48



Sektor	Ufaglært tilsette		Fagarbeidarar/ tilsvarande tilsette		Høgskule-/ Universitet utdanna tilsette	
	Tal tilsette	Sum prosent	Tal tilsette	Sum prosent	Tal tilsette	Sum prosent
Barnehage	5	0,9	3	0,50	2	0,9
Helse- og sosial			2	0,40	7	2,35
Omsorg	25	8,6	11	2,61	4	1,29
Kultur og idrett	1	0,23	5	1,34	4	1,55
Teknisk og miljø	3	0,8				
<b>Sum</b>	37	11,3	30	7,30	22	7,6

Som oversikten viser så er det flest ufaglærte som ønskjer å auke stillinga si, og av desse så er dei fleste tilsett i Omsorgssektoren.

#### 4.2.2 Gjennomsnittleg stillingsprosent i alle sektorar

Sektor	Gjennomsnitt stillings % kvinner	Gjennomsnitt stillings % menn	Gjennomsnitt stillings % alle
Leiing	100	100	100
Stabar	92	95	93
Skule	87	89	88
Barnehage	91	95	92
Helse- og sosial	86	76	84
Omsorg	71	64	70
Kultur og idrett	68	68	68
Teknisk og miljø	76	60	66
<b>Totalt</b>	80	75	79

Gjennomsnittleg stillingsprosent er uendra frå 2021 til 2022 for alle kategoriar over. Den var 79 % i 2021 og er den same i 2022. Også stillingsprosenten til kvinner og menn er uendra. Innanfor sektorane er det små endringar.

Det er innan sektoren Teknisk og miljø vi finn den gjennomsnitt lågaste stillingsprosenten, og det er blant menn (60%). Dette skulast i hovudsak mange deltids brannmannskap (om lag 70 stk.) som berre har opp til 2,3 % stilling i kommunen.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik blant kommunane i Norge er 83.3% (KS- tal for 2022).

#### 4.3 Lønsstatistikk

Gjennomsnittleg løn finn vi ved å dele den totale lønsmassen (årsløn) på tal årsverk.

Utfordringa i 2022 er at tre arbeidstakarorganisasjonar (Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund og Norsk lektorlag) ikkje godkjente forslaget til ny hovudtariffavtale. Derfor blei det ikkje gjennomført lønsjustering for medlemmar av desse forbunda fom 1. mai 2022 for dei som er omfatta av HTA kap. 4. Dette gjeld høgskule- og universitetsutdanna tilsette som i hovudsak arbeider i skule- og barnehage sektoren som undervisningspersonale og barnehagelærar.

Det påverkar den totale lønsauken i kommunen generelt men spesielt i kapittel 4. I og med at vi ikkje har ny løn for desse pr 31.12.2022, er det ikkje mogleg å samanlikne den prosentvise auken i løn frå 2021 til 2022, eller å samanlikne løn i kapittel 4 som omfattar høgskulegruppa.

#### 4.3.1 Løn leiarar

Dette omfattar alle leiarar som er lønsplassert i HTA sitt kapittel 3; kommunedirektør, kommunalsjefar, einingsleiarar og assisterande einingsleiarar. Lønsauken til desse vert gitt i kommunen.

Gjennomsnittleg årsløn i 2022 og lønsauke sia 2021 er slik:

	Årsverk	Gjennomsnitt årsløn des. 2022	Gjennomsnitt årsløn des. 2021	Auke kr	Auke %
Kvinner	111	770 960	740 481	30 479	4,12
Menn	40	852 011	830 763	21 248	2,56
Alle	151	792 416	762 707	29 709	3,90
Einingsleiarar			804 208		
Kvinner	55	835 628		31 420	3,91
Einingsleiarar Menn	24	878 038	843 904	34 134	4,04
Einingsleiarar Alle	79	848 512	815 491	33 021	4,05

Løn til alle leiarar i kommunen viser at menn i gjennomsnitt tenar 81 000 kroner meir enn kvinner. Det er ein reduksjon på 9 000 sidan 2021.

På dei ulike nivå/stillingane er skilnaden slik:

- Kommunedirektør og kommunalsjefar: Differanse på 116 000 kroner  
Kommunalsjefane er løna likt, men assisterande kommunedirektør (K) og kommunedirektør (M) ligg høgare. At kommunedirektøren er mann og er høgast løna, fører til ei gjennomsnittleg høgare løn for menn i denne gruppa.
- Einingsleiarar: Differanse på 42 000 kroner  
Løna er ulik ut frå kva eining ein er leiar for. Dei største skulane og store einingar innan omsorg samt i deler av teknisk sektor og stabar, er løna høgare enn i dei mindre einingane kommunen har. I dei støre einingane er det tilsett fleire mannlige enn kvinnelege leiarar. Det tilseier at løna vert gjennomsnittleg høgare her.  
Ser ein på løna internt i sektorane som skule og omsorg, så er kvinnelege leiarar og mannlige leiar løna likt på likelydande einingar.
- Assisterande einingsleiarar: Differanse på 17 000 kroner  
Dette skuldast i hovudsak omplasserte leiarar som har hatt ei høgare løn og

beholdt denne ved innplassering i lågare lønna stilling. I tillegg er det på bakgrunn av kva ein er leiar for jf.. omtale av løn til einingsleiarar over.

Lønsauken i gjennomsnittleg årsløn baserer seg på resultata av dei årlege lokale lønsforhandlingar, og kva løn tilsette som slutta i stillinga hadde sett opp mot løna til nyttilsette. Her ser ein at kvinner i perioden 2021 – 2022 har hatt 1,5% poeng høgare gjennomsnitt lønsauke enn menn.

#### 4.3.2 Løn tilsette i HTA kapittel 4

Dette omfattar tilsette frå dei med inga utdanning til dei med 5 års høgskuleutdanning+

Som nemnd innleiingsvis, her kan ein berre samanlikne stillingar som ikkje har er høgskule-/universitetsutdanning dvs. ufaglærte og fagarbeidarar/tilsvarande.

Vi har ikkje noko oversikt over deira løn i 2021 slik at oversikten vil berre vise gjennomsnittsløna for kvinner og menn i desse gruppene i 2022.

Stilling	Årsverk	Gjennomsnittleg løn 2022
Kvinner ufaglærte	195	407 922
Menn ufaglærte	75	409 920
Alle ufaglærte	270	408 479
Kvinner fagarbeidarar/tilsv	333	458 935
Menn fagarbeidarar/tilsv	101	485 610
Alle fagarbeidarar/tilsv	433	465 127

Tilsette som er lønsplassert i kapittel 4 i HTA, omfattar svært mange arbeidstakarar i alle sektorar grupper og utgjør om lag 40 % av alle våre årsverk.

Når det gjeld ufaglærte, så er løna om lag lik. At menn har høgare løn, skuldast i hovudsak at fleire menn arbeider i tekniske fag som er høgare løna enn eksempel vis innan reinhald.

For å få eit betre samanlikningsgrunnlag på løn og godtgjersle mellom kvinner og menn i kommunen, så har arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane vedteke at ein må sjå på løna mellom kvinner og menn i konkrete stillingar/funksjonar. Det er:

- *Ufaglærte/assistentar med 16 års ansiennitet*
- *Fagarbeidarar/hjelpepleiarar tilsv med 16 års ansiennitet fordelt på sektorar*
- *Tilsette med 3 årig høgskule med 16 års ansiennitet*
- *Tilsette med 4 årig høgskule med 16 års ansiennitet*
- *Tilsette med 5 årig høgskule med 16 års ansiennitet*
- *Teamleiarar i skulesektoren – kven har denne funksjonen?*

løn at det ikkje er mogleg å samanlikne i høgskule- og universitetsstillingane (jf. pkt. 4.3) så står vi igjen med fagarbeidarar/hjelpepleiarar tilsv med 16 års ansiennitet fordelt på sektorar.

Kapittel 4 lønsgrupper	Årsv alle	Gjnsn løn	Årsv K	Gjns årsløn K	Årsv M	Gjns årsløn M	Differanse i % K vs M	Differanse i kr K vs M
Assistentar m/16 år ans.	156	438 176	115,43	435 263	40,45	446 490	- 2,58	-11 227
Fagarbeidarar m/16 år ans.	300	487 166	230,52	479 161	69,15	513 921	- 7,25	-34 760

Når vi ser på lønsskilnaden mellom kvinner og menn i dei respektive stillingsgrupper, så er det ulike årsaker kvifor menn har høgare løn enn kvinner. I dette lønskapittelet vert løna fastsett og justert av det sentrale lønssystemet, og lønsauke skuldast i hovudsak auke i ansiennitet og sentral lønsauke ved årlege lønsoppgjjer.

Kommentar til dei aktuelle lønsgrupper:

- *Ufaglærte/assistentar med 16 års ansiennitet*  
Menn har høgare løn i hovudsak pga. av utjamning av lønsskilnadar internt i Teknisk sektor pga. kommunesamanslåinga. Her var det berre tilsett menn. Tilsvarende skilnadar eksisterte ikkje på same nivå i dei andre sektorane.
- *Fagarbeidarar/hjelpepleiar/ tilsvarende med 16 års ansiennitet fordelt på sektorar*  
Som omtala overfor; menn har ei høgare løn pga. av utjamning av lønsskilnadar internt i Teknisk sektor pga. kommunesamanslåinga kor det stort sett var tilsett menn. Men på fagarbeidarnivået var lønsskilnaden betydeleg større enn på assistentnivået.

I tillegg er det vanskelegare å rekruttere fagarbeidarar til Teknisk sektor kor vi konkurrerer med privat sektor, enn det er å rekruttere fagarbeidarar til barnehagar og omsorgssektoren kor det som oftast er kvinner som vert tilsett. Derfor må ein ofte gå utover garantiløna i Hovudtariffavtalen for å klare å rekruttere i stillingar i teknisk sektor. Når det i tillegg er menn som innehar desse stillingane, så oppstår det lønsskilnadar som er ganske betydelege.

Ser vi nærare på ein skilde sektorar for denne lønsgruppa, så er bildet slik:

Fagarbeidarar 16 år	Årsv alle	Gjnsn løn	Årsv K	Gjns årsløn K	Årsv M	Gjns årsløn M	Differanse i % K vs M	Differanse i kr K vs M
Barnehage	41	473 662	34	474 609	6,6	468 784	1,23	5 825
Helse- og sosial	26	501 941	21,89	500 529				
Omsorg	124	476 381	117,62	475 547	6,49	491 510	- 3,36	- 15 963
Skule	35	482 328	30,74	480 424				
Teknisk og miljø	60	505 956	17,66	471 346	42,33	520 514	- 10,43	- 49 168

I Kultur og idrett og Stab er det for få tilsette til at kan få eit representativt bilde av gjennomsnittsløna. Desse er derfor ikkje med i oversikten. Det gjeld også menn i einsskilte sektorar.

Skilnader i løn mellom kvinner innan dei respektive sektor skuldast i stor grad ulik lønsansiennitet. Unntaket her er som tidlegare nemnd Teknisk sektor.

Vi har også sett på kven som innehar teamleiarstillingane i grunnskulen; kvinner eller menn. Kvinner utgjer 75 % av undervisningspersonalet i skulesektoren, men har 81 % av teamleiarstillingane. Det betyr at fleire kvinner enn menn prosentvis tek denne utfordrande funksjonen. Talet for 2021 var 85%.

### 4.3.3 Løn tilsette i HTA kapittel 5

I dette lønskapitlet er legar, psykologar, ingeniørar, rådgivarar, jordmødrer mv lønsplassert. Det vil seie dei med høgare akademisk utdanning.

Gjennomsnittleg årsløn og lønsauke sia 2021 er slik:

	Årsverk	Gjennomsnittleg løn 2022	Gjennomsnittleg løn 2021	Auke kr	Auke %
Kvinner	34	759 242	710 285	48 957	6,89
Menn	45	746 949	718 217	28 732	4,00
Alle	79	752 155	714 654	37 501	5,25

Det er mange årsaker til at lønsauken endrar seg frå år til år når ein ser heile kapitlet under eitt. Tilsette sluttar, nye vert rekruttert inn med høgare/lågare løn enn forgjengaren, den som slutta var kvinne mens den som blei rekruttert var mann, tilsette vert flytta frå kapittel 4 til kapittel 5. Så oversikten over gir eigentleg berre eit bilete av fordeling av lønsmassen mellom kvinner og menn i 2022 og sett opp mot 2021. Frå 2021 til 2022 blei det 10 nye årsverk i dette kapitlet. Det påverkar løna.

Om vi skal få eit tydelegare bilete av lønsskilnadar mellom kvinner og menn i kapittel 5, må vi sjå på einsskilte stillingsgrupper. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane meiner at ein i denne samanheng kan sjå på lønsskilnadar for ingeniørar og rådgivarar innan Teknisk sektor. Då er bilde slik:

Ingeniørar og rådgivarar i Teknisk sektor	Årsverk	Gjennomsnittleg løn 2022	Gjennomsnittleg løn 2021	Auke i kr	Auke i prosent
Kvinne	10	705 600	664 917	40 683	6,12
Mann	23	693 408	658 792	34 616	5,25
Alle	33	697 159	661 218	35 941	5,44

Det er ein auke på 7 årsverk blant menn i 2022 sett iht 2021.

Oversikten viser at i desse to stillingsgruppene så tener kvinner om lag kr 12.00 meir enn menn. Det er ei dobling frå 2021. Dette skuldast at det er færre kvinner tilsett og

mange av dei har høg utdanning og lang ansiennitet/erfaring enn sin tildels yngre mannlege kollegaer.

#### 4.4 Uttak av permisjon/tapte dagsverk på grunn av permisjon sortert etter kjønn

Oversikten viser %- frávær ut frå mogleg dagsverk alle tilsette innanfor aktuelle kjønn.

	Totalt løna permisjon		Barns sjukdom		Svangerskaps-/foreldrepermisjon		Anna permisjonar med løn	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Kvinner	4,2 %	4 %	0,8	0,4 %	2,9 %	2,7 %	0,7 %	0,6 %
Menn	2,5 %	0,7 %	0,5	0,3 %	1,6 %	1,2 %	0,5 %	0,5 %
Totalt	3,8 %	4,7 %	0,7	0,4 %	2,6 %	2,4 %	0,6 %	0,6 %

Oversikten viser uttaket av løna permisjon aukar litt iht 2021 både når det gjeld permisjon i samband med born sin sjukdom og svangerskaps-/omsorgspermisjon.

Det er vanskeleg å fastslå korleis fordelinga er mellom kvinner og menn når det gjeld uttak av svangerskaps-/foreldrepermisjon då oversikten berre fangar opp dei som arbeider i Sunnfjord kommune.

Men om vi tek utgangspunkt i det, så ser vi at det er ein auke i at kvinner er meire heime med sjuke born enn menn i 2022 enn i 2021.

#### 4.5 Alderssamansetning

Gjennomsnittsalderen i Sunnfjord kommune var i 2022 på 44 år. Denne er uendra frå 2020. Nasjonale tal er 44,2 år (KS- tal 2020).

Innanfor sektorane fordelar dette slik:

Sektor	Gjennomsnitt alder	Tal tilsette som er 60 år og eldre	%- tal tilsette som er 60 år og eldre
Leiging	55	2	25
Stabar	50	27	24
Skule	43	59	10
Barnehage	43	25	9
Helse- og sosial	45	35	15
Omsorg	42	100	13
Kultur og idrett	47	10	16
Teknisk og miljø	48	41	16
<b>Sum</b>	<b>44</b>	<b>299</b>	<b>13</b>

Det er i leiging og stabane ein prosentvis har flest tilsette over 60 år.

#### 4.6 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Det har ikkje vore arbeid direkte med tiltak eller rutinar i 2022 som har hatt dette som einaste og primære målsetting.

Derimot har vi arbeidd med fleire tiltak som indirekte omfattar dette området. Det har m.a vore:

- Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i einingane med bruk av nytt kartleggingsverktøy MTM Puls. Her har det m.a vore stilt spørsmål rundt likestilling og diskriminering.
- Endring i tilsettingsrutinar slik at det gjer det enklare å tilsette i små stillingsprosentar og såleis auke tal stillingsprosenten hos tilsette i deltid.

## 5 Kommunedirektøren sin eigenkontroll

### 5.1.1 Innleiing – krav om kommunal eigenkontroll

Eigenkontroll er ein naudsynt føresetnad for god styring, måloppnåing og læring på alle nivå i kommuneorganisasjonen. Ein effektiv eigenkontroll bidreg til kvalitet og effektivitet i tenesteleveransane og gjer organisasjonen betre rusta til å handtere framtidige utfordringar. Eigenkontroll handlar i den daglege drifta om den sikrande «omslutnaden» som må vere på plass i tenesteproduksjon og forvaltningsutøving, slik at kommunal kvalitet ikkje blir rein «flaks» men resultat av eit systematisk eigenkontrollarbeid.

At kommunen har god eigenkontroll er særleg viktig fordi:

- Kommunen leverer viktige *velferdstenester* til alle
- Kommunen har viktige oppgåver som *myndigheitsutøvar*
- Kommunen har ansvar for *felleskapets pengar*
- Kommunen må ha *tillit* som forvaltningsorgan og demokratisk arena

### 5.1.2 Kommunedirektørens samla ansvar

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med eiga verksemd. Kravet om eigenkontroll med administrasjonen og kommunedirektørens særlege ansvar er blitt skjerpa i den nye kommunelova, § 25.

Kommunedirektøren har i heftet «*Slik styrer vi Sunnfjord kommune*» sett av eit eige kapittel som omhandlar dette temaet: 3 Eigenkontroll – orden i eige hus.

*Eigenkontroll er eit leiaransvar og følgjer linja:*

- Kommunedirektør har overordna ansvar for eigenkontrollen og er eigar og tilretteleggjar i det *elektroniske eigenkontrollsystemet - Rettesnora*. Kommunalsjefane har ansvar for eigenkontroll på sine respektive sektorar på same vis – og einingsleiarane har ansvaret i einingane.



- Ansvar for *operativ bruk* av verktøya i kommunedirektørens eigenkontrollsystem Rettesnora, ajourhald i systemet og rapportering frå systemet, følgjer også linja.

Eigenkontroll som ansvar er også felt ned som eitt av 8 ansvarsområde i *leiaravtalen* mellom einingsleiar og kommunedirektøren.


### 5.1.3 Rettesnora – kommunedirektørens elektroniske eigenkontrollsystem

*Elektroniske verktøy* er eit viktig grunnlag for å drive eit systematisk, effektivt og dokumenterbart eigenkontrollarbeid hjå kommunedirektøren og i einingane. Systemet skal ivareta krava om ein systematisk, dokumenterbar og lærande eigenkontroll, m.a. etter kommunelova § 25.

- Rettesnora er både eit: *operativt oppslagsverktøy, gjennomføringsverktøy, dokumentasjonsverktøy og statistikkverktøy* i eigenkontrollarbeidet.

Særleg fokus frå kommunedirektøren si side i Rettesnora var i 2020-2021 **avviksmodul** og **dokumentstyringsmodul**. I 2022 vart det dessutan vektlagt å gjennomføre **risikovurderingar**.

*Rettesnora inneheld 6 hovudmodular:*



- I **dokumentstyringsmodulen** blir alle administrative prosedyrar, rutinar, sjekklister m.v. for tenesteproduksjon og forvaltningsverksemd på alle administrative nivå samla.
  - Talet godkjende dokument i systemet har auka med kring 300 frå 2021 til 2022.

**STATISTIKK – DOKUMENTSTYRINGSMODUL pr 02.2023:**



Tal godkjente dokument på sektorovergripande, sektor- og einingsnivå i modulen	<b>1781 dokument</b>
Dokumenttypar – tal dokument (av totalen) namngjeve som « <i>Prosedyre</i> »	<b>318 dokument</b>
Dokumenttypar – tal dokument (av totalen) namngjeve som « <i>Rutine</i> »	<b>664 dokument</b>


- I den elektroniske **forbetrings- og avviksmodulen** blir feil og uynskte hendingar i drifta registrert – behandla – tiltak generert og avvik lukka – med elektronisk tilbakemelding til meldar. Omfang på avvik, og korleis lære av dei, er faste tema m.a. i kommunedirektørens leiargruppe og i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) med jamne mellomrom.

- **STATISTIKK**

- **AVVIKSMODUL: Talet**

- elektroniske meldte avvik i avvikssystemet har vore aukande kvart år sidan etableringa av kommunen, noko som vitnar om god meldekultur.

- I 2022 vart det meldt 2132 avvik (jf tabell til høgre).



- Tilleggsmodular for registrering av **skade** på tilsette og på elevar og for registrering av **pasientfall** innan helse og omsorg er òg teke i bruk i organisasjonen der dette er aktuelt.
- *Risikomodul* – for å gjere systematiske vurderingar av risikopotensialet knytt til alle sider ved tenesteproduksjon eller handlingar/aktivitetar. Fokuset til kommunedirektør blir frametter dreia mot såkalla «*risikobasert eigenkontroll*»; område som gjennom risikoanalysar, avvik eller gjennom andre signal indikerer at ein bør vere særleg årvakne på. Derfor sette kommunedirektøren i år i gong m.a. ei risikovurdering på medikamenthandtering i alle institusjonstenestene.
- *Varslingsmodul* - arbeidstakar sin rett til å varsle *kommunedirektør*, direkte, om mogelege kritikkverdige tilhøve på arbeidsstaden: Alvorlege tilhøve som kan skade kommunen som organisasjon eller tenestene vi leverer; brot på arbeidsmiljølova sin ordlyd om mobbing og trakassering; tilhøve som kan representere fare for liv og helse; økonomiske forhold som korrupsjon eller økonomisk utruskap; brot på kommunens etikkreglement m.v.

#### 5.1.4 Eigenkontrollarbeidet i kommunen – ålment

- *Stillinga som controller for kommunedirektørens eigenkontroll* støttar organisasjonen og driv det fortfarande eigenkontrollarbeidet, i nært samarbeid

med kommunedirektør, kommunalsjefar og einingsleiarar. Gjev opplæring i eigenkontroll, kvalitetsarbeid og er administrator i modulane i Rettesnora, og deltek ved eksterne tilsyn.

- Controller-funksjonen er i den nye kommunen blitt supplert med to **økonomirådgjeverar**, alle lokalisert i Fagutviklings-eininga, som på ein god måte har auka fagtilhøyrnad og samla kompetansebreidd innan eigenkontroll også opp mot økonomiområdet.
- Eigenkontroll er fast tema i *kommunedirektørens leiargruppe* ved behov – med spesielt fokus på modulane i Rettesnora og sektorovergripande eigenkontroll
- Kommunedirektøren etablerte dette året ein eigen metodikk for å evaluere risikonivået i einingane: *sjekkliste - einingsleiars eigenvurdering av eigenkontrollen*. Einingsleiarane evaluerte her korleis eiga eining innfrir formelle krav til eigenkontroll. Alle 8 ansvarsområda etter leiaravtalen var tema – til saman 142 spørsmål. Ut frå dette genererte sjekklista ein samla score for høg eller låg risiko. Kommunedirektøren får slik ei førstehands vurdering av risikoen i organisasjonen, sett med einingsleiarane sine briller – som grunnlag for eigne planar og tiltak for eigenkontrollen.
- Kommunedirektør har i 2022 informert om og rapportert frå kommunedirektørens eigenkontroll-arbeid i m.a. einingsleiarsamlingar, AMU, einiskildeiningar, tillitsvalde-samlingar m.v.